

2020

# Årsmelding 2020

FJALER KOMMUNE

**Innhald**

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>2</b>
1.1    Kommunedirektøren sin oppsummering av driftsåret.....	2
1.2    Føremålet med årsmeldinga.....	2
1.3    Organisering .....	3
1.4    Kvalitet og internkontroll .....	5
<b>2 Hovudmål og resultat .....</b>	<b>6</b>
2.1 Hovudmål for Fjaler kommune.....	6
2.3 Befolkningsutvikling .....	7
2.4 Sysselsetting .....	8
2.5 Miljø.....	9
<b>3 Likestilling og inkluderande arbeidsliv .....</b>	<b>13</b>
<b>4 Økonomi .....</b>	<b>20</b>
4.1 Netto driftsresultat.....	20
4.2 Løn i % av brutto driftsinntekter .....	21
4.3 Langsiktig gjeld .....	21
4.4 Disposisjonsfond.....	22
4.5 Rekneskapsprinsipp.....	23
4.7 Driftsoversikt .....	24
4.8 Driftsinntekter .....	25
4.9 Driftsutgifter.....	25
4.10 Finanstransaksjonar .....	27
4.11 Investering .....	28
4.12 Gjeld og utlån .....	29
<b>5 Oppvekst.....</b>	<b>30</b>
<b>6 Helse og omsorg .....</b>	<b>35</b>
<b>7 Tekniske tenester .....</b>	<b>48</b>
<b>8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur .....</b>	<b>52</b>

## 1 Innleiing

### 1.1 Kommunedirektøren sin oppsummering av driftsåret

Også i 2020 var det god og effektiv drift og vi leverer gode tenester som står i forhold til inntektene våre.

Året har vore prega av koronasituasjonen der administrasjonen har brukt mykje ressursar. Sjølv om det nesten ikkje har vore smitte i kommunen, er det brukt mykje tid på å vere førebudd på utbrot, faste møter i m.a kriseberedskapsgruppa og møte med statsforvaltaren kvar veke. Spesielt har helsetenestene hatt periodar med mykje testing, dialog med innbyggjarar, lag og organisasjonar. Også skule og barnehage har hatt krevjande periodar med ekstra tilrettelegging for å unngå smitte og etterleve nasjonale retningslinjer.

Koronasituasjonen har ført til at nokre saker er nedprioritert og utsett, men arbeidet med arealplanen, ei rekke saker knytt til vindkraftprosjektet på Lutelandet, ny skule på Dingemoen kan nemnast som større saker som det er arbeid mykje med.

I tillegg er vi i startfase på forprosjekt nye omsorgsbustader, gravplass og nytt prosjekt for beredskapshus i Dale.

Detaljrerguleringsplanen for FV 57, Strandenes – Nistadlia vart vedteken i juni.

Guddal skule vart nedlagt frå skuleåret 2020/2021. Elevtalet tilsa at det ikkje var grunnlag for å drive skulen lengre og prosessen fram mot endeleg vedtak vart gjennomført i godt samarbeid mellom foreldre, skulen og kommuneleiinga.

Nedlegging av skulen på Guddalen er eit døme på den negative demografiske utviklinga i distrikta. Sjølv om Fjaler ikkje er den kommunen med dei største demografiske utfordringane, så har vi ein demografi som syner stor del aldrande befolkning, fødselsunderskot og for få innbyggjarar i alderen 20 – 45 år.

I alle delar av kommunen er det eit rikt og engasjert kultur- og organisasjonsliv som er eit godt utgangspunkt for god trivsel i bygdene. Saman med eit aktivt næringsliv ligg det til rette for å kunne få til ei positiv folketalsutvikling framover. Folketalsauke er viktig for kommunen sitt inntektsgrunnlag og økonomiske handlingsrom framover.

Kommunedirektøren takkar tilsette for svært god innsats i 2020. Eit år som har bydd på mange nye utfordringar og oppgåver.

Då er det motiverande og kjekt å sjå at tilsette strekker seg langt for å gjere ein ekstra innsats.

### 1.2 Føremålet med årsmeldinga

Kommunen utarbeider kvart år rekneskap og ei skriftleg melding om kommunen si drift. Dokumenta skal syne korleis pengane er blitt nytta, samt ein oversikt over kva kommunen har oppnådd i året som gjekk.

Årsmeldinga skal føreligge til handsaming samstundes med kommunerekneskapen, og skal framjast for kontrollutvalet, formannskapet og kommunestyret.

Årsmeldinga skal gje god informasjon til politikarane, innbyggjarane, offentlege instansar og andre som syner interesse for kommunen si drift.

I årsmeldinga skal det gjevast opplysningar om resultat av aktiviteten, forhold som er viktige for å kunne

vurdere kommunen sin økonomiske stilling og andre viktige forhold. Ideelt sett bør årsmeldinga vere ei evaluering av måloppnåing i økonomiplanen. Gjennom årsmeldinga er det også naturleg å sjå framover og legge føringar på ein del områder

Årsmeldinga er den viktigaste attendemeldinga kommunedirektøren gir til kommunestyret


### 1.3 Organisering

Administrativt er Fjaler kommune organisert etter ein 3-nivå modell med undersiggande tenesteeiningar i tillegg til støtte- og stabseiningar. Dette legg føringar for korleis vi organiserer tenestene av omsyn til møter og rapporteringsstruktur.

Fjaler kommune er delt inn i følgjande rammeområder:

- Kommunedirektør inkl Kultur og Lanbruksforvaltninga
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Teknisk
- Finansielle føremål

Rådmann si leiargruppe består av 3 kommunalsjefar, økonomisjef, personalsjef og kulturleiar.



## 1.4 Kvalitet og internkontroll

Kommunelova stiller strenge krav til kommunen sin internkontroll for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt. Ved internkontroll etter §25-1 skal kommunedirektøren:

- utarbeide ei beskriving av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ha nødvendige rutinar og prosedyrar
- avdekke og fylgje opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den form og det omfang som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbetra skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

I praksis handlar internkontroll om utvikling av god kvalitet i tenestene, om å ha *kultur og system* for læring og forbetring. Kommunen si elektroniske kvalitetshandbok er eit reiskap for å oppnå dette. I kvalitetshandboka får tilsette tilgang til lovverk-, interne rutinar og retningsliner-, ein registrerer og behandlar avvik og gjennomfører risiko-vurderingar.

### Gjennomførte tiltak 2020

- Oppbygging av ny plattform for dokumentstyring i Kvalitetshandboka er i gang.
- Leiinga sin gjennomgang* på område informasjonstryggleik er gjennomført
- Prosjektfase 2 innan kommunal beredskap er gjennomført: revisjon av plan for beredskap med tilhøyrande rutinar, tiltakskort, årshjul og plan for opplæring
- ECO-online (elektronisk stoffkartotek): Gjennomført kartlegging innan Brann og Oppvekst
- Kvalitetsgruppa har hatt seks møter og behandla 42 saker

### Planlagde tiltak 2021

- Ferdigstille implementering av ny dokumentstyringsmodul
- Ta i bruk KS-læring, opplæringsplattform for tilsette
- Ferdigstille prosjektfase 1 innan kommunal beredskap, heilskapleg ROS
- Følgje opp handlingsplan etter leiinga sin gjennomgang av informasjonstryggleiken
- ECO-online: fullføre kartlegging og registrering for heile kommunen

Strategisk mål – alle sektorar	Styringsindikator	Resultat		MÅL
		2019	2020	2021
Positiv avvikskultur	Tal meldte avvik, alle område	277	225	300
God kunnskap om informasjonstryggleik	Tal avvik personvernbroter	22	27	30
Gjennomførte ROS-analysar	Tal ROS-analysar, alle områder	5	8	10

**Merknad til strategiske mål:** Kommunen ynskjer medverknad frå dei tilsette i kvalitetsarbeidet.

Tilsette melder avvik innan områda: Fagleg kvalitet, HMT, Legemiddel og Ikt og informasjonstryggleik. Det er meldt avvik i 26 av 33 «eininger». Flest avvik er meldt innan legemiddel (86). Av alle avvik er 21 vurdert til å ha hatt alvorleg eller vesentleg utfall.

Å fylgje opp risiko er vesentleg innan internkontrollen. Ein rapporterer på tal utførte analysar, men det er truleg utført fleire enn det som er registrert i Kvalitetshandboka. Målet er at ein brukar metodikken og verktøyet som ligg i styringssystemet.

## 2 Hovudmål og resultat

### 2.1 Hovudmål for Fjaler kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel som vart vedteken i 2014 har følgjande mål for samfunnsutviklinga i Fjaler:

*Overordna mål:*

**Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025**

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvalting av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelhytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløysingar (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

## 2.3 Befolkningsutvikling

Fjaler kommune hadde ein auke i folketalet frå 2019-2020 på 29 personar. Dette gjev ein auke på 1,04 %. Noko av auken kan forklarast med elevtalet på UWC og tidspunktet for inn- og utmeldingar elevar. Dette stadfestar statistikken på grunnkretsane der Flekke åleine er opp 21 personar.– men dette er ikkje heile forklaringa på auken. Vi har vekst i sentrum med 17 personar ( Bjerga, Dale og yksnebjør) Det er variasjonar i dei andre grunnkretsane men samla sett har vi ein reduksjon i folketalet utanfor sentrum og flekke på 9 personar.

Dersom ein ser folketalet over ein ti-årsperiode er nedgangen på 47 personar. Trenden er at kommunen har folketalsvekst i Dale og områda rundt medan utkantane med unntak av Tyssedal har nedgang.

Grunnkrets	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring frå 2010-2020
Flekke/Espedal	516	571	475	502	477	464	469	486	455	442	463	-53
Hovlandsdal	67	61	60	56	55	55	51	47	48	48	52	-15
Guddal/Heggheim	117	113	115	113	116	115	115	112	111	102	109	-8
Øvre Vassdalen	77	78	72	68	70	69	65	64	66	66	65	-12
Nedre Vassdalen	179	183	191	192	190	180	184	183	184	167	159	-20
Bjerga/Bortheim/Jarstad	508	519	516	517	516	519	515	530	549	528	526	18
Dale/Sletteland	425	436	457	476	474	472	484	500	507	523	525	100
Sagevik/Yksnebjør	261	267	271	270	263	274	300	300	303	284	301	40
Fure	89	85	91	92	87	89	86	81	72	67	59	-30
Folkestad	75	73	79	75	76	71	72	71	71	73	69	-6
Våge	214	219	198	198	198	197	189	188	186	189	187	-27
Lone	119	126	121	114	118	118	114	119	119	120	118	-1
Gjølanger	150	151	154	155	154	149	140	144	138	127	129	-21
Tyssedal	28	24	26	34	37	36	35	32	35	32	37	9
Uoppgitt grunnkrets	21	3	6	9	22	15	11	5	2	2	0	-21
Sum	2846	2909	2832	2871	2853	2823	2830	2862	2846	2770	2799	-47


Tabellen under viser alderssamansetjinga av befolkninga i Fjaler kommune. Vi har i løpet av dei siste åra stor nedgang i befolkninga som er mellom 16-66 år, den største auken er i aldersgruppa 67-79 år. Dette er ein trend vi ser i heile landet, men utviklinga er størst i distriktskommunar.

Alder	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2010-2020
0 år	22	38	28	37	29	13	19	25	27	21	25	3
1-5 år	142	137	149	154	181	182	171	155	150	135	134	-8
6-12 år	211	214	230	237	241	233	242	253	251	259	261	50
13-15 år	109	106	100	86	71	88	90	111	108	116	111	2
16-19 år	315	310	283	301	278	251	261	253	241	234	248	-67
20-44 år	769	824	752	763	763	766	752	780	767	728	721	-48
45-66 år	775	770	773	777	761	763	746	744	748	726	729	-46
67-79 år	313	320	327	336	344	351	369	369	386	397	408	95
80-89 år	155	155	157	144	152	150	146	139	135	130	140	-15
90 år eller eldre	35	35	33	36	33	26	34	33	33	24	25	-10

## 2.4 Sysselsetting

Sysselsette etter arbeidsstad og næring ( 15-74 år) i Fjaler kommune pr. 4 Q 2020

Næring (sektor)	2016	2017	2018	2019	2020
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	119	119	116	112	122
05-43 Sekundærnæringer	173	164	162	166	192
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	408	416	413	422	355
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	52	49	49	61	53
85 Undervisning	175	196	201	201	195
86-88 Helse- og sosialtjenester	384	402	405	381	363
90-99 Personlig tjenesteyting	27	20	20	22	25
00 Uoppgett	11	8	9	12	10
<b>Sum</b>	<b>1349</b>	<b>1374</b>	<b>1375</b>	<b>1377</b>	<b>1315</b>




Tal i statistikken bygger på rapporteringa gjennom a-ordninga.

## 2.5 Miljø

I samband med handsaminga av årsmelding 2015 vedtok kommunestyret i sak 54/16 at framtidige årsmeldingar og tertialrapportar skal innehalde ei vurdering av måloppnåing i høve måla i Fjaler kommune sin kommunedelplan for energi, klima og miljø. Planen vart vedteken 14.06.2010, og har ikkje vore revidert etter den tid. Planen skal reviderast i 2021.


Planen inneheld 6 overordna hovudmål og ein handlingsplan for perioden 2010-2014 som også inneheld delmål og prioriterte tiltak. Vurderingane nedanfor bygger på hovudmåla i planen og tiltak som er sette i verk når det gjeld delmåla. Mange tema kan vere vanskelege å vite måloppnåinga på, men er arbeid/tiltak som vil gå kontinuerleg og involvere alle einingar i den kommunale drifta.

### Mål 1- Redusere utsleppet av klimagassar



Figur 1: Fordeling av klimagassutslipp, 2019, til venstre og historiske utslepp og utslippsmåll (tonn co2) til høgre.  
Kilde: Kommunalbanken

Grafen i figur 1 viser direkte klimautslepp i Fjaler for 2019, fordelt på utsleppskjelder. Data for 2020 er ikkje tilgjengelege endå. Dagens klimautslepp kan gje ein indikator på kor reduksjonen av utslepp kan skje. Grafen til høgre i figur 1 viser reduksjonen som må gjennomførast for at Fjaler skal kunne oppfylle sin del av dei nasjonale måla om redusjon av klinagassutslipp.



Det er i dag ingen oljefyringsanlegg i bruk i kommunale bygg, og fra 2020 skal oljefyringsanlegg fasast heilt ut.

Kommunen har starta arbeidet med å skifte ut leasingbilar med kun forbrenningsmotorar. I 2017 hadde kommunen to 2 hybridbilar (barnevern og teknisk kontor). I 2018 er talet på hybridbilar auka til 4 samt at BIO har ein rein el-bil. I 2020 er flerie av bilane skifta ut og erstatta med elbilar og nokre hybrid. Ved utskifting av leasingbilar etterkvart som leasingavtalane går ut framover vil ein i skifte til elbilar og ladbar hybrid der elbil ikkje er optimalt for drifta. Det er etablert 5 nye ladepunkt i 2020 ved kommunale bygg og planlagt 4 til i 2021.

Felleskøring til kurs og møter blir brukt så langt det passar og i 2020 har det vore mykje mindre reiser enn elles grunna Korona restriksjonar. Fysiske møter og samlingar er erstatta med digitale møter som har gitt ein stor nedgang i tal reiser samt gitt innsparte arbeidstid som tidlegare gjekk velkk i reisetid.

Informasjonsarbeidet om energi, klima og miljø til innbyggjarane i kommunen kunne heilt klart vore betre, men ein registrerar at fokus på klima og miljø er aukande.

## Mål 2- Redusere den kommunale energibruken

I dei seinare åra har det over investeringsbudsjettet vore avsett pengar til oppgradering/ombygging av større kommunale bygg. I hovudsak har pengane vore brukte til utbetring av inneklimaet, meir økonomiske og meir miljømessige oppvarmingssystem og bygningsmessige tiltak for å redusere energibruken. Nokre av tiltaka får vi Enova-støtte til. Målsettinga i planen er minst 10% reduksjon i energibruken i kommunale bygg i forhold til registrert forbruk i 2008. Tabellen nedanfor viser KOSTRA-rapportert energiforbruk for Fjaler kommune sine administrasjonsbygg, forskulebygg (barnehagar), skulebygg, institusjonsbygg, idrettsbygg og kulturygg. Samla areal for kommunale bygg var i 2018 auka med 874 m<sup>2</sup> (sal av Lillingstoneheimen og kjøp av Samvirke bygget).

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Samla årsforbruk i kWt</b>	2 788 887	2 996 245	3 139 303	3 019 876	3 017 885	2 960 198

Årsvariasjonar kan ha naturlege forklaringar som for eksempel kalde/milde vintrar. Som det går fram av tabellen ovanfor har straumforbruket vore aukande, frå vi starta med KOSTRA-registreringane i 2013 og fram til 2017. KOSTRA-tala viser ein reduksjon i samla årsforbruk frå 2017 til 2018 og vidare liten reduksjon i 2019 og vidare i 2020 noko som viser at ein er på rett veg. Energibruken pr m<sup>2</sup> for kommunale bygg var redusert frå 151 til 140 kWh i 2018, som gjeve ein prosentvis reduksjon på 7,3 %. For 2019 var energibruken litt aukande til 142 kWh pr m<sup>2</sup> og i 2020 er den ytterlegare redusert til 137 kWh pr m<sup>2</sup>.

Fjaler sjukeheim har fått ny varmesentral som vart sett i drift i november 2018. Ein har skifta ut eksisterande løysing var el-kjele og radiatorar. Ny løysing er borehol, varmepumpeteknologi, radiatorar og eit betre styringssystem. Dette vil redusere energikostnadane vesentleg og effekten vil komme betre fram når annleget har vore i drift over tid.

I Yksnebjør nye barnehage er det borehol, varmepumpe og vassboren golvvarme. Opplegget har kapasitet til også å dekke det eldste bygget.

Når det gjeld kommunale veglys har ein hatt ein utskiftingsfase av armatur/lyskjelder og nesten alle er no utskifta til led-lys. Overgangen til LED-lys medfører at effekten vert redusert frå ca 150W pr lampe til ca 38W pr. lampe. Totalt har kommunen 450 veglys. I 2017 vart ca 50% av desse skifta til armatur med LED-lys. Utskiftinga fortsette i 2018 og no er nesten alle armatura utskifta. Straumutgiftenen er som følgje av utskiftinga redusert med over 40% dei siste tre åra.

#### *Mål 3- Innføre tiltak som medfører auka lokal produksjon av fornybar energi*

Fjaler kommune sine overordna planar legg til rete for utbygging av mindre vasskraftanlegg, men desse annlegga treng handsaming og løyve etter anna regelverk. Det er og regulert eit område til vindkraft på Lutelandet som er under utbygging.

#### *Mål 4- Stogge eller redusere alle former for utslepp som er til skade eller ulempe for miljøet*


Gjennom Sunnfjord Miljøverk sine gjenvinningsstasjonar har både privatpersonar og firma tilbod om å kvitte seg med vanleg avfall og farleg avfall. Sunnfjord miljøverk vedtok i 2018 innsamling av plast med oppstart frå 01.01.2019.

Når det gjeld kloakkanlegga i kommunen kan det vere stor variasjon i standard og funksjon. Feil og manglar på private anlegg vert rapportert til kommunen av firmaet som utfører slamtømminga, og kommunen må følgje opp. Dei største kommunale anlegga har reinseanlegg (Dale sentrum og Haugland). Dei mindre kommunale anlegga har slamutskiljing og sjøresipient. Avfallsbrenning i ovnar og ute i det fri er truleg av svært lite omfang. Utslepp frå eldre vedomnar er eit større miljøproblem, men ein registrerstrar at det er ein jamn utskiftning til meir miljøvennlege omnar i private husholdningar

Innsamling av plast har og hatt stort fokus i 2018 og det er med på sette fokus på både reduksjon i forbruk og ulemper og skader for miljøet.

#### *Mål 5- Redusere avfallsmengdene*

Sunnfjord Miljøverk si årsmelding for 2020er ikkje klar, men tidlegare årsmeldingar har vist ein reduksjon i levert avfall frå husholdningane. Samtidig har det vore ein auke i levert avfall til gjennvinningsstasjonane i området. Fokuset på energi, klima og miljø dei siste åra viser i form av ein sakte reduksjon i avfallsmengd og sortering av avfall.



#### *Mål 6- Planleggje og setje i verk tiltak for å redusere skaderisikoen ved eventuelle klimaendringar*

Dei siste åra har det vore stort fokus på samfunnssikkerheit og konsekvensar som følgje av klimaendringar og ekstremvær. I all arealplanlegging, søknader om frådeling av tomtar og byggesakshandsaming er ras, flaum og havnivåstigning sentrale tema. I planprosessar skjer dette gjennom ROS-analysar og konsekvensutgreiingar. Kommunen har gjennomført fleire naturfarekartlegging dei siste åra og naturfare er eit viktig tema både i plan- og byggjesaker. Faresoner og aktemdsoner vil bli innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen sin overordna beredskapsplan inneholder også tiltak som følgje av ekstremvær og andre naturgitte hendingar. Ei utfordring framover vil vere å handtere aukande nedbørsmengder generelt, og intens nedbør over kort tid spesielt. Handtering av overflatevatn må og vil få auka fokus framover.

#### *Konklusjon:*

Det er fortsatt eit stykke igjen for å nå måla i kommunen sin energi-, klima- og miljøplan, men tal frå 2020 viser at ein er på rett veg. Når det gjeld energibruk i kommunale bygg har det skjedd ein god del dei siste åra og tala viser no ein reduksjon i energiforbruket dei siste åra, noko som er svært bra. Det meste som vedkjem energi, klima og miljø er langsiktig og kontinuerleg arbeid som grip inn i all kommunal tenesteproduksjon.

### 3 Likestilling og inkluderande arbeidsliv



## Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

### 1. Arbeidsmiljøutvalet 2020

Arbeidsmiljøutval var i 2020 sett saman slik:

Arbeidsgjevarrepresentant, kommunalsjef oppvekst:	Ingvard Flekke
Arbeidsgjevarrepresentant, kommunalsjef helse og omsorg:	Kjersti Valvik
Arbeidsgjevarrepresentant, administrasjon (sekretær):	Camilla E. Valvik
Arbeidstakarrepresentant:	Ellinor Espedal
Arbeidstakarrepresentant:	Lise Marie Bakkebø
Arbeidstakarrepresentant, hovudverneombod (leiar):	Kristin H. Strømberg

Arbeidsmiljøutvalet avvikla 3 møte i 2020. Grunna koronasituasjonen vart første møte halden 03.06.2020. I tillegg vart det halde to møte 22.09.20 (eit fellesmøte med verneomboda og eit eige AMU-møte) og eit møte 24.11.20. Bedriftshelsetenesta v/Stamina og NAV Arbeidslivssenter møtte i utvalet ved anledning.

Ny kommunelov gav endra føringar for samansetning av utval, og det er frå 2020 ikkje lenger folkevalde i kommunen sitt AMU. Dei folkevalde arbeidsgjevarrepresentantane Ole-Jakob Nedrebø og Harald Nyland vart erstatta av kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg.

Frå arbeidsgjevar si side var det ønskjeleg å ha representantar som høyrd til den øvste leiinga i kommunen for å sikre solid forankring. Mykje av arbeidet i organisasjonen må starte i toppleininga for å skape endring. Ved å ha kommunalsjefane med i utvalet får ein og betre kjennskap til arbeidsmiljøarbeidet og HMS- arbeidet i kommunen generelt, og i eigen sektor spesielt.

### 2. Saker som Arbeidsmiljøutvalet behandla i 2020

I tillegg til å behandle faste saker som sjukefråværsstatistikk, årsmelding, handlingsplan for HMT og samarbeidsplan med bedriftshelsetenesta, rapportering på HMT, gjennomføring av helsekontrollar, og gjennomgang av funn i vernerunder, har utvalet i tillegg gjort følgjande vedtak i saker for 2020:

- Pandemien og konsekvensane for tilsette i Fjaler kommune
- Prioritert kartlegging av ergonomi og inneklima ved fleire einingar som har signalisert behov over lengre tid.
- Prosjektmandat og prosjektplan – Deltaking i KLP sitt arbeidsmiljønettverk 2020-22.
- Prosjektmandat og prosjektplan – Evaluering av reinhaldssentralen og driftssentralen.

### 3. Sjukefråvær

	År	Sjukefråvær
Fjaler kommune	2020	6,8 %
Fjaler kommune	2019	6,5 %
Fjaler kommune	2018	7,4 %
Fjaler kommune	2017	6,5 %
Fjaler kommune	2016	5,2 %
Fjaler kommune	2015	5,3 %

#### Sjukefråvær 2020

Arbeidsstad	Totalt fråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Administrasjon	2,64 %	0,94 %	0,68 %	1,62 %	1,02 %
Oppvekst	6,62 %	1,48 %	0,51 %	1,99 %	4,63 %
Helse og omsorg	7,03 %	1,45 %	0,66 %	2,11 %	4,92 %
Teknisk	9,82 %	1,08 %	0,48 %	1,56 %	8,26 %
<b>Fjaler kommune 2020</b>	<b>6,80 %</b>	<b>1,41 %</b>	<b>0,58 %</b>	<b>1,99 %</b>	<b>4,81 %</b>
Fjaler kommune Q 4	6,90 %	1,48 %	0,66 %	2,14 %	4,76 %
Fjaler kommune Q 3	6,46 %	1,23 %	0,73 %	1,96 %	4,50 %
Fjaler kommune Q 2	6,03 %	0,91 %	0,62 %	1,53 %	4,50 %
Fjaler kommune Q 1	7,12 %	1,58 %	0,50 %	2,08 %	5,04 %

Sjukefråværet starta høgt i første kvartal (7,12 %), men vart betydeleg redusert i andre kvartal (6,03 %). Særleg var det eigenmeldt fråvær som auka i første kvartal, og sank til eit mykje lågare nivå i andre kvartal. Noko av auken i korttidsfråvær skuldast nok starten på pandemien, og mykje sesongbasert sjukdom. I delar av første kvartal og inn i andre kvartal var skular og barnehagar stengde, noko som førte til bruk av omsorgspengar for barn og ikkje eigenmelding om tilsette måtte vere heime med barna sine. I tillegg er vår og sommar normalt eit kvartal med mindre fråvær og fleire startar også ferien i slutten av kvartalet.

I tredje kvartal var tala på høgde med snittet i 2019 (6,46 %), men auka i fjerde kvartal (6,90 %).

Det er ein differanse mellom dei ulike kvartala og totalen for året. Dette skuldast nok at ein del fråvær ikkje er levert inn i tide, og blir registrert etter at rapporteringa er gjort.

Totalt sett enda fråværstala opp godt over måltalet for kommunen på 6 % sjukefråvær som AMU vedtok i desember 2019. Samanlikna med 2019 så har langtidsfråværet (over 52 veker) gått ned frå 4,94 % til 4,81 %. Korttidsfråveret har auka frå 1,58 % i 2019 til 2,08 % i 2020, og dette er ikkje uventa med tanke på pandemien som vi står i.

I Helse og omsorg har fråværet gått opp noko frå 6,65 % i 2019 til 7,03 % i 2020, men med gjeldande smittevernreglar så er dette forventa, og kanskje faktisk ein mindre auke enn forventa. Langtidsfråværet er redusert med 0,2 %.

Oppvekstområde har noko mindre fråvær samanlikna med 2019 (- 0,6 %), og heile 0,85 % nedgang in langtidsfråvær. I det smittevernregimet som gjeld så er dette veldig gode tal.

For teknisk er det er negativ utvikling, heile 5,5 % auke i langtidsfråværet. Korttidsfråværet har gått ned i same periode med 0,4 %.

På tross av at mange tilsette har fått arbeidskvarden endra grunna pandemien og hatt krevjande dagar med mykje usikkerheit, kombinert med låg terskel for å halde seg heime ved sjukdom, er ikkje fråværet så høgt som det ein kanskje hadde frykta. Sjølv om totalen endar på 0,8 % over måltalet, er 0,3 % over 2019 ikkje så ille med tanke på korleis 2020 vart.

Samanlikna med tall frå SSB for kommunar, viser statistikken på samla eigenmeldt og legemeldt fråvær 7,4 % for 2020. Fjaler kommune som heilskap ligg 0,6 prosentpoeng under gjennomsnittet på landsbasis for alle kommuner.

Kommunal sektor har hatt ein auke i fråvær frå 6,9 % i 2019 til 7,4 % i 2020. Fråværet i Fjaler kommune har ikkje hatt like stor auke for same periode, med 0,3 prosentpoeng mot 0,5 for gjennomsnittet for alle kommunar.

Sjukefråværstala for alle næringar i landet ligg på 6,2 % for 2020, her ligg Fjaler kommune 0,6 prosentpoeng over gjennomsnittet.

#### 4. Vidare arbeid

##### **Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor**

Medarbeidarundersøkinga 10-Faktor vart gjennomført som planlagt i siste halvdel av november 2020.

Undersøkinga gav oss ei peikepinn på korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet og sin nærmeste leiari. Begge desse forholda veit vi spelar ei stor rolle både når det gjeld motivasjon og i arbeidsmiljøsamanhang.

No når dette er dokumentert kan einingane lettare peike på forbettingspotensiale og jobbe med både å styrke det som ikkje er godt nok, og samtidig peike ut område der ein ønskjer å halde fram med gode resultat.

Undersøkinga skal gjennomførast kvart anna år, og gir oss difor moglegheit til over tid å måle utviklinga og resultat av den innsatsen som dei tilsette og leiinga legg ned i arbeidet med å forbette arbeidsmiljøet og leiinga i einingane.

AMU har vore orientert om undersøkinga og fekk presentert resultata på første møte i 2021.

##### **Deltaking i KLP sitt arbeidsmiljønettverk 2020-2022**

Fjaler kommune vart ein av deltarane i KLP sitt arbeidsmiljønettverk. Søknaden hadde utgangspunkt i 10-Faktor, og vi har motteke eit prosjektilskot på 200.000 kroner til arbeidet med

planlegging, gjennomføring og ikkje minst oppfølging av tiltaka. Hovudfokus vil ligge på mestringsorientert leiing og mestringsklima, begge deler er vald med utgangspunkt i forsking på leiing og arbeidsmiljø.

Prosjektgruppa er kommunalsjef oppvekst, HVO og personalsjef.

Arbeidsmiljøutvalet er styringsgruppe for prosjektet, og får rapportar i kvart møte.

### **Koronasitusjonen og påverknaden på dei tilsette**

Korleis pandemien har påverka dei tilsette har vore tema på alle møta som har vore avvikla. AMU har drøfta utfordringar på kort og lang sikt, erfaringar som ein vil ta med seg vidare då ein ser at det har fordelar, samt konsekvensar som ikkje alltid er så lett å oppdage.

### **Omorganisering i helse og omsorg – evaluering og oppfølging**

Det vart gjennomført ei evaluering av omorganiseringa i helse- og omsorgstenestene til kommune. AMU vart i møte orientert om resultatet av evalueringa.

### **Byggeprosessen – Ny 1-10-skule**

Bygginga av ny skule på Dingemoen gjev utfordringar både for dei tilsette og deira arbeidssituasjon. AMU vil vere orientert og følgje dette arbeidet framover.

### **Funn i vernerundane og budsjettprosessen**

Mykje av det som kjem opp i vernerundane er vanskeleg å gjere noko med då det krev investeringar i form av utbetring på bygg og er vanskeleg å gjere noko med utan ekstra løyvingar. Difor kjem mykje av desse funna opp år etter år. Det kjennast frustrerande for både tilsette og leiarar og for AMU at det ikkje er økonomisk rom for å utbetre eller endre på det som kjem fram i vernerundane. Dette kan føre til at det psykososiale arbeidsmiljøet vert påverka i negativ retning.

Ny tilsett på teknisk kontor skal ha hovudansvar for bygg og eigedom, og skal jobbe langsiktig med strategi for vedlikehald av kommunale bygningar. At dette no ligg samla ho ein tilsett, vil gjere det enklare framover både å planlegge, prioritere og systematisk gjennomføre nødvendig vedlikehald og oppgraderingar.

### **Arbeid med sjukefråvær**

Vi hadde planar om å sjå nærmare på metodikk i NED-satsinga til KS, og hadde oppretta ei prosjektgruppe som skulle jobbe med dette. NED-metodikken, og det påfølgjande bransjeprogrammet for sjukeheim og barnehage, har gitt gode resultat innan begge område.

Vi skil ikkje vi oss så mykje frå andre kommunar når det gjeld trendar i sjukefråværet. Det kan vere mykje å hente på eit verktøy som kan hjelpe oss med å få ned fråværet og dermed kostnadane ved sjukefråvær, både dei økonomiske kostnadane og den ekstra belastninga som dei andre tilsette får.

Dette arbeidet vart nedprioritert grunna at deltakarane ikkje hadde kapasitet i 2020, mykje av dette skuldast ekstraordinære oppgåver i pandemien.

## 6 Likestilling og inkludering

### Likestilling

Fjaler kommune sin visjon er eit ope samfunn, og denne visjonen vert og lagt til grunn i arbeidsgjevarpolitikken. Vi skal opplevast som ein arbeidsgjevar som er romsleg når det gjeld tilrettelegging og inkludering.

### Likeløn

Gjennomsnittsløn, målt som årløn utan funksjonstillegg, var kroner 478.580 for Fjaler kommune i 2020. For kvinnelege tilsette var gjennomsnittsløna kroner 477.248. Dette er noko lågare enn deira mannlege kollegaer som hadde ei gjennomsnittleg løn på kroner 484.010.

Den store delen kvinner i omsorgsyrker som ufaglærte og fagarbeidarar kan forklare kvifor gjennomsnittsløna er lågare for kvinner enn for menn.

### Arbeidstrening

Jamleg tek vi i mot praksiskandidatar og andre som ønskjer arbeidstrening, og legg godt til rette for arbeidstrening for menneske med ulike typar funksjonshemminger ved behov.

### Kjønnsbalanse

I Fjaler kommune er det 335 tilsette fordelt på 281 årsverk per 31.12.2019. Av desse 335 er det 269 kvinner og 66 menn. Dette er ein kvinnedel på 78,65 %. For 2019 var tala til samanlikning 342 tilsette fordelt på 281 årsverk, av dette 276 kvinner og 66 menn og ein kvinnedel på 80,7 %. For 2018 var tala til samanlikning 351 tilsette fordelt på 282 årsverk, av dette 287 kvinner og 64 menn, og ein kvinnedel på 81,8 %. Som elles i kommunal sektor er kvinner sterkt overrepresentert men vi ser ei prosentvis auke i tal menn som jobbar i kommunen, og det er positivt.

Ideelt sett ønskjer vi å ha arbeidsmiljø der det er ei balanse mellom kjønna, men vi ser at det er vanskeleg i nokre sektorar å få dette til. Dette gjeld både på kvinnedominerte arbeidsplassar som helse og omsorg og til dels i oppvekst, og på mannsdominerte arbeidsplassar som i teknisk sektor.

### Tiltak kjønnsbalanse

Ved rekruttering tek vi i bruk annonser med referanse til ønska balanse og føretrekt kjønn gitt like føresetnadnar. Vi ser at det er ønskje og behov for fleire menn i helse og omsorg, men også i oppvekst, og ønskjer å vere ein attraktiv arbeidsgjevar og for mannlege arbeidstakrarar i desse sektorane.

### Arbeid med heiltidskultur

#### Oversikt deltid fordelt på kjønn

	Tal tilsette fordelt på kjønn	Tal tilsette på heiltid fordelt på kjønn	Tal tilsette på deltid fordelt på kjønn	Årsverk heiltid fordelt på kjønn	Årsverk deltid fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling for deltidstilsette fordelt på kjønn	Gjennomsnittleg stilling totalt fordelt på kjønn
<b>Kvinner</b>	269	145	124	145	80,70	65,08	83,90
<b>Menn</b>	66	39	27	39	16,86	62,48	84,65
<b>Sum</b>	335	184	151	184	97,56		84,05 %

Av dei tilsette arbeidar 54,9 % av både kvinner og menn deltid. Dette er ei auke frå 2019 med 53,2 % og 2018, då talet var 49,9 %.

Ein del tilsette i helgestilling i helse og omsorg gjer at vi kjem ut med mange tilsette på deltid, dette gjeld uavhengig av kjønn. Det har vore ei auke frå 78,2 % i 2017 til 81,7 % i 2018, til 82,2 % i 2019 og 84,05 % gjennomsnittleg deltidsstilling det siste året for alle tilsette sett under eitt.

Tala frå 2014 og til i dag synar ei auke frå 71 % til 84,05 %, og dette tydar forhåpentlegvis på at vi er på rett veg i arbeidet med heiltidskultur.

For kvinner har gjennomsnittleg stillingsprosent auka frå 82,4 % i 2018 til 82,8 % i 2019 og til 83,9 % det siste året, og viss vi ser tilbake til 2014 har det vore ei auke frå 71 % til 83,9 % totalt i perioden. Stillingsstorleken for menn i gjennomsnitt har gjort eit stort byks i 2020 og er på 84,65 %, mot 78,2 % i 2018 og 79,7 i 2019%. Dette er ein auke på nesten 5 % siste året.

## **Tiltak heiltidskultur**

Årsturnus i helse og omsorg frå 2016 har gjort det mogleg for arbeidsgjevarar å auke stillingsstorleiken til dei som ønskjer større stilling, då ein kan planleggje lengjer fram. Arbeidsgjevar og dei tillitsvalde vart samde om at det frå 2021 igjen vart årsturnus. I denne er det gjort eit godt arbeid frå arbeidsgjevar med å auke stillingar.

Dei tillitsvalde er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med heiltidskultur. Vi har jamlege møter med dei tillitsvalde der drøfting av deltidsproblematikk er eit punkt på agendaen. Saman har vi ved nye utlysingar av ledige stillingar eit kontinuerleg fokus på å sikre rettane til deltidtilsette som ønskjer auke i stilling.

I oppvekstområdet, og for turnusarbeidande i helse og omsorg blir det årleg kartlagt kven som ønskjer auke i stilling. I samarbeid med det tillitsvalde har arbeidsgjevar beslutta å sende ut kartlegging over dei med ufrivillig deltid i starten på 2021. Med dei føresegna som arbeidsmiljølova set ved fortrinnsrett for deltidtilsette så er det nødvendig for arbeidsgjevar å ha oversikt i tilfelle det skal lysast ut stillingar.

Ny Hovudtariffavtale legg også formelle føringar på partane i kommunal sektor framover når det gjeld arbeid med heiltidskultur, og samarbeidet mellom partane på dette området blir nok meir formalisert i tida som kjem. Fjaler kommune som arbeidsgjevar har eit godt og konstruktivt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar når det gjeld heiltidskultur og arbeidet med denne.

## **6. Utfordringar framover**

### **Pandemisituasjonen**

Koronapandemien er den største utfordringa vi ser framover, og denne vil fortsetje å krevje mykje av dei tilsette og leiinga også i 2021. Kommunal sektor har i 2020 vore sterkt belasta av verknadane av pandemien, og mykje av dette har dei tilsette både ute i einingane og i leiinga vore utsette for. Mange har strekt seg langt og vore endringsvillige og tilpasningsdyktige i ei krevjande tid for fellesskapet. For Fjaler kommune som arbeidsgjevar har det vore imponerande å sjå både det arbeidet som har vore lagt ned av dei tilsette i denne tida, men også den store vilja til endring og omstilling som tilsette har vist at dei har.

### **Rekruttere og behalde kritisk kompetanse**

Det kan blir vanskelegare å rekruttere nødvendig og kritisk kompetanse framover, spesielt nokre utdanningsretningar. Dette blir det auka fokus på framover, og arbeidsgjevar må arbeide både med å behalde og rekruttere den kompetansen den treng. Det vil bli starta eit arbeid med kartlegging av kompetansebehov og kompetansebeholdning, som ein del av ein større kompetanseplan.

#### **Arbeid med sjukefråvær**

Fjaler kommune har framleis høgare sjukefråvær enn det som er målsetninga, og arbeidet med dette vil halde fram, forhåpentlegvis vil det bli mogleg å prioritere dette arbeidet i 2021.

## 4 Økonomi




### 4.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om kommunen sin langsiktige økonomiske balanse og handlefridom. Negativt netto driftsresultat tyder på at vi brukar meir enn vi tener, positivt netto driftsresultat betyr at kommunen driv med overskot og kan sette midlar av til driftsfond og framtidige investeringar.

Det vil sei at netto driftsresultat syner kva kommunen har til rådvelde til å finansiere investeringar og bygge opp reservar. Målet sett sentral er at kommunane skal ha eit netto driftsresultat på minimum 1,75%.

Fjaler kommune har dei siste åra hatt ei negativ utvikling på netto driftsresultat, dei to siste åra har netto driftsresultat vore negativt. Det betyr at vi har brukt av avsette midlar til å finansiere drifta. Dette er ikkje berekraftig og vi må inn å gjere tiltak slik at vi før ei god økonomisk drift.

#### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



	2017	2018	2019	2020
Fjaler	5,2 %	4,0 %	-1,4 %	-1,4 %
Kostragruppe 06	3,0 %	3,6 %	-0,5 %	3,6 %
Askvoll	3,6 %	4,4 %	-0,2 %	2,8 %
Vestland				1,7 %

## 4.2 Løn i % av brutto driftsinntekter

Ein stor del av kommunen sine inntekter er bundne opp i faste lønnsutgifter. Lønsandel i % av driftsinntektene kan sei noko om kommunen sitt handlingsrom. Kor mykje er igjen til politiske prioriteringar etter at løn er dekka. Reduksjon i lønnsutgiftene krev ofte ein meir omfattande politisk prosess enn kva kutt i mange andre utgifter. Det kan difor vere viktig med eit overordna syn på utviklinga av lønnsutgiftene i kommunen. Lønsandelen i kommunar ligg vanlegvis mellom 60-70%.

Tabellen under viser Fjaler kommune sin andel av løn målt mot driftsinntektene.


	2016	2017	2018	2019	2020
Løn og sosiale utgifter i % av Brutto dr. inntekter	64,60 %	63,80 %	64,60 %	68,30 %	64,73%

Det ein ofte ser er at andelen av løn i små kommunar ligg høgre enn for dei store kommunane. Det betyr at handlingsrommet for små kommunar ofte er mindre. Fjaler kommune har hatt ein reduksjon i andelen av inntektene som blir brukt til løn frå 2019 til 2020. Dersom vi korrigerer for Havbruksfondet som kjem kvart andre år vert andelenauka til 66,1% i 2020

## 4.3 Langsiktig gjeld


Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter er eit uttrykk for kommunen si gjeldsbelastning. Nøkkeltalet seier noko om kommunen sin soliditet og finansieringsstruktur. Fjaler kommune ligg no over snittet i kommunegruppa og snittet for landet. I tida framover vil gjeldsgraden til kommunen auke og ligge langt over det som er anbefalt. Årsaka er at vi over tid har hatt store investeringsutgifter, i tillegg til bygging av ny skule auke denne ytterlegare. Dei fleste av investeringane i Fjaler kommune er lånefinansiert. Vi må framover vere restriktive å strebe etter å redusere gjeldsgraden. Dersom vi ikkje tar ned drifta og eigenfinansierer meir av investeringane må aktiviteten ned.

### Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	2017	2018	2019	2020
Fjaler	76,5 %	74,2 %	86,1 %	109,5 %
Kostragruppe 06	69,3 %	73,1 %	77,1 %	70,9 %
Askvoll	73,0 %	70,8 %	78,0 %	78,2 %
Vestland				122,1 %

## Netto lånegjeld i kroner per innbygger



	2017	2018	2019	2020
Fjaler	79 929	83 884	95 643	123 933
Kostragruppe 06	93 196	102 963	109 870	92 248
Askvoll	72 754	77 309	84 083	90 833
Vestland				110 278

### 4.4 Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet syner kor mykje kommunen har sett til side, eller har til disposisjon for seinare drifts- og investeringsføremål. Disposisjonsfondet er det einaste fondet som fritt kan nyttast til dekking av utgifter i både drifts- og investeringsrekneskapen. Disposisjonsfondet er difor den delen av «reservane» som gjev det beste uttrykket for den økonomiske handlefridomen.

Kommunen bør til ei kvar tid ha ein buffer til å møte uføresette hendingar, som svikt i inntektene eller auke i utgiftene. Oppbygging av eit disposisjonsfond kan og bidra til at kommunen i større grad kan eigenfinansiere investeringane.

Saldo på disposisjonsfondet var ved utgangen av 2020 på kr 12,25 mill, dette er ein reduksjon frå 2019 på kr 5,25 mill.

## Økonomi - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	2017	2018	2019	2020
Fjaler	4,1 %	6,9 %	5,6 %	3,9 %
Kostragruppe 06	10,0 %	12,0 %	12,0 %	11,5 %
Askvoll	6,0 %	11,1 %	10,6 %	12,6 %
Vestland				10,3 %

### 4.5 Rekneskapsprinsipp

Fjaler kommune sin rekneskap er ført etter dei kommunale rekneskapsprinsipp jf. Kommunelova §14 med tilhøyrande forskrift. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og avgang av midlar i løpet av året skal visast i anten- drifts eller investeringsrekneskapen.

Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og inntekter i kommunen og resultatet av desse gjennom året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i tilknyting til investeringar o, utlån m.v. samt korleis desse er finansiert.

Driftsrekneskapen til kommunen syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som fylgje av forbruk av driftsmidlar

Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men vert nulla ut slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med den utgift som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningane vert vist i rekneskapen er mellom anna at avgjerdtakrar og brukarar av rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den høve kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det vil sei at det ikkje er gjort inntekter for tilhøyrande utgifter og då heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette fører til at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett beløp.

## 4.7 Driftsoversikt

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2020	R budsjett 2020	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	146 922 475	145 664 000	140 975 000	137 551 855
2 Inntekts- og formuesskatt	66 852 617	66 045 000	68 045 000	67 254 290
3 Eiendomsskatt	6 418 456	6 426 000	8 056 000	8 089 871
4 Andre skatteinntekter	11 889	0	0	11 889
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	14 091 449	14 550 000	12 387 000	9 886 358
6 Overføringer og tilskudd fra andre	49 727 795	37 611 690	37 848 524	50 798 885
7 Brukerbetalinger	10 693 143	9 873 716	10 512 687	10 314 911
8 Salgs- og leieinntekter	21 137 159	19 553 250	19 553 250	18 951 209
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>315 854 983</b>	<b>299 723 656</b>	<b>297 377 461</b>	<b>302 859 267</b>
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	170 450 714	165 891 150	165 575 248	166 745 633
11 Sosiale utgifter	34 023 525	37 257 545	40 530 574	40 188 815
12 Kjøp av varer og tjenester	71 312 077	64 753 408	63 467 060	68 188 086
13 Overføringer og tilskudd til andre	33 583 379	32 298 153	19 842 179	24 963 168
14 Avskrivninger	13 515 537	13 105 100	13 105 100	13 076 226
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>322 885 232</b>	<b>313 305 356</b>	<b>302 520 161</b>	<b>313 161 928</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>-7 030 249</b>	<b>-13 581 700</b>	<b>-5 142 700</b>	<b>-10 302 660</b>
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	987 106	1 117 000	1 277 000	1 466 962
18 Utbytter	4 348 141	4 435 000	4 800 000	5 206 690
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
20 Renteutgifter	5 758 607	5 480 000	5 880 000	4 821 676
21 Avdrag på lån	10 951 000	11 000 000	11 000 000	9 602 000
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>-11 374 360</b>	<b>-10 928 000</b>	<b>-10 803 000</b>	<b>-7 750 024</b>
<b>23 Motpost avskrivninger</b>	<b>13 515 537</b>	<b>13 105 100</b>	<b>13 105 100</b>	<b>13 076 226</b>
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>-4 889 072</b>	<b>-11 404 600</b>	<b>-2 840 600</b>	<b>-4 976 458</b>
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-107 738	0	0	-392 593
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-1 923 723	3 013 600	2 340 600	-491 891
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	5 290 411	6 760 878	500 000	4 169 918
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	1 630 122	1 630 122	0	3 321 146
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	4 889 072	11 404 600	2 840 600	6 606 580
<b>30 Fremført til inndekning i senere år</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 630 122</b>

Rekneskapen for 2020 er gjort opp i balanse. Frå og med 2020 er det endring i korleis vi fører rekneskapen. Det skal ikkje lenger førast meir- eller mindreforbruk i kommuneregnskapet, men vi skal justere mot bruk- og avsetnad til fond. For rekneskapen 2020 er bruk av fond justert med kr 1,47 mill etter gamal forskrift hadde vi hatt eit regnskapsmessigmindreforbruk på kr 1,4 mill

Skatteinngangen og rammeoverføringane frå staten vart betre enn budsjettet. Målt mot revidert budsjett hadde vi ei meirinntekt på desse postane på kr 0,96 mill.

Fjaler kommune hadde eit negativt brutto driftsresultat 7 mill. Dette er betre enn revidert budsjett, og betre enn det vi oppnådde i 2019 rekneskapen. Noko av årsaka til negativt netto driftsresultat er overføringa til Dale IL til oppføring av kaldhall. Justert for denne disponeringa ville resultatet vore positivt, men framleis for lågt når vi veit at brutto driftsresultat er eit måltal som fortel kva kommunen har til å betene lån, evne til eigenfinansiering av investeringar og evne til avsette midlar til seinare års bruk.

Sjå kommentarar frå sektorane for meir informasjon

#### 4.8 Driftsinntekter

Fjaler kommune sine driftsinntekter er sett saman av

- Skatteinntekter
- Rammetilskot frå staten
- Havbruksfond
- Eigedomsskatt
- Statstilskot flyktningar
- Andre inntekter som vert inntektsført på einingane, td refusjonar, brukarbetalingar, husleigeinntekter og øyremerkte tilskot.

I 2020 var samla driftsinntekter på kr 315,8 mill., dette er ein auke i høve 2019 på kr 13 mill. Auken skuldast i hovudsak at vi fekk kr 6,6 mill havbruksmidlar som vi ikkje hadde i 2019 i tillegg til ekstraordinære inntekter i høve covid-19

#### 4.9 Driftsutgifter


Fjaler kommune sine driftsutgifter (eks interne overføringar) er sett saman av

- Løn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringer og tilskot til andre
- Avskrivningar

Driftsutgiftene auka me kr 9,8 mill frå 2019-2020 (3,1 pst) Auken i løn og sosiale utgifter var åleine på kr 2,46 mill samanlikna med 2019 og ein auke i høve budsjett på kr 1,3mill .

Avviket på løn må sjåast i samanheng med inntektsposten på refusjon sjuke- og fødselsløn. Her har vi eit avvik i høve budsjett på kr 6 mill. Det reelle resultatet på løn blir difor - kr 3,54 mill. Det vil sei at vi Samla sett har eit mindreforbruk. Noko av årsaka er at vi sidan 12 mars har fått refundert alt fråver frå dag 4 mot 16 dagar som normalt er dekka av arbeidsgjevar. Det vil sei kommunen sine utgifter knytt til kortidsfråver er kraftig redusert.

Tabellen under syner netto driftsutgift pr innbyggjar og tenesteområde (justert for utgiftsbehov)



## 4.10 Finanstransaksjonar

### Finansinntekter

Finansinntektene er sett saman av renteinntekter, utbyte og eigaruttak, gevinst ved sal av finansielle omløpsmidlar samt mottekne avdrag på utlån.

Samla finansinntekter i 2020 er på kr 5,3 mill mot 6,7 mill i 2019. Av dette er

- Utbyte BKK kr 3,6 mill
- Utbyte Sog og Fjordane Holding as (SFE) kr 0,7 mill
- Renteinntekter kr 1 mill

Hovudårsaka til reduksjonen i høve 2019 er at vi då mottok eit kontantoppgjer som vart avtalt i fusjonsforhandlingane mellom BKK og Sunnfjord energi. Det ordinære utbytet i 2020 frå BKK ligg på eit høgre nivå enn utbyte vi tidlegare mottok frå Sunnfjord Energi. I tillegg har vi fått utbyte frå SFE etter at fylkeskommunen overførte sine aksjar til kommunane i gamle Sogn og Fjordane.

Renteinntektene er noko lågare enn nivået i 2019 – Det heng saman med det historisk låge rentenivået som har vore i 2020 og at innskotet har gått ned ein del.

### Finansutgifter

Finansutgiftene er sett saman av renteutgifter, provisjonar og andre utgifter knytt til kommunen si låneportefølje.

Renteutgifter knytt til kommunen si låneportefølje utgjorde i 2020 var på kr 5,76 mill

Avdrag på kommunen si låneportefølje utgjorde kr 10,95 mill.

#### 4.11 Investering

	Regnskap 2020	Reg. budsjett	Budsjett 2020	Regnskap 2019
1 Investeringer i varige driftsmidler	139 305 209	165 449 100	110 752 000	71 442 660
2 Tilskudd til andres investeringer	1 880 000	320 000	320 000	400 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	4 747 158	4 808 000	808 000	884 141
4 Utlån av egne midler	0	0	0	1 302 500
5 Avdrag på lån	626 683	0	0	496 569
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>146 559 050</b>	<b>170 577 100</b>	<b>111 880 000</b>	<b>74 525 870</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	23 644 420	28 742 300	21 709 000	10 851 975
8 Tilskudd fra andre	1 802 080	175 000	0	5 117 018
9 Salg av varige driftsmidler	240 000	1 175 200	0	2 115 000
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	6 500 000	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	7 968 620
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	237 486	0	0	283 251
13 Bruk av lån	111 037 524	120 776 600	86 063 000	46 833 176
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>136 961 510</b>	<b>157 369 100</b>	<b>107 772 000</b>	<b>73 169 040</b>
15 Videreutlån	0	0	0	0
16 Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0
17 Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0
18 Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0
19 Netto utgifter videreutlån	0	0	0	0
20 Overføring fra drift	107 738	0	0	392 593
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	964 237
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	9 489 802	13 208 000	4 108 000	0
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	9 597 540	13 208 000	4 108 000	1 356 830
<b>25 Fremført til inndeckning i senere år(udekkt beløp)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Viser elles detaljert investeringsrekneskap i regnskapsheftet.

#### 4.12 Gjeld og utlån

Den langsiktige gjelda til ekskl. pensjonsforpliktingar har auka med kr 61,36 mill frå 2019-2020.

Lånegjelda er ved utgangen av 2020 på kr 384,1mill.

Det er i løpet av 2020 betal kr 10,95 mill i ordinære avdrag på kommunen si lånemasse og kr 0,6 mill i avdrag på Husbanklån til vidare utlån.

Fjaler kommune hadde ved utgangen av 2020 fastrente på 49 % av låneportefølja. Rente: ved utgangen av året var gjennomsnittsrenta i porteføljen 1,931%. Referanserenta låg på 0,86% medan 3 mnd Nibor var 0,49%.

Portefølja sin durasjon var på 1,1 år

Bank	Instrument	Beløp	Forfall	Renter	% av total portefølje
Danske Bank	Fast rente	59 800,0	2021	1,9	18,53 %
DNB	Sertifikatlån	63 815,0	2020	1,7	19,77 %
Kommunalbanken	Fast rente	67 859,0	2022	1,95	21,03 %
Kommunalbanken	Fast rente	60 722,0	2024	2,19	18,82 %
Danske Bank	fast rente	60 898,0	2020	1,69	18,87 %
Husbanken	lån med rentekomp	255,0	2022	1,89	0,08 %
Husbanken	Startlån	250,0	2025	1,89	0,08 %
Husbanken	Startlån	614,0	2029	1,89	0,19 %
Husbanken	Startlån	772,0	2028	1,89	0,24 %
Husbanken	Startlån	1 023,0	2031	1,89	0,32 %
Husbanken	Startlån	2 003,0	2023	1,89	0,62 %
Husbanken	Startlån	1 697,0	2040	1,89	0,53 %
Husbanken	Startlån	3 000,0	2039	1,89	0,93 %
Sum låneportefølje		322 708,0		1,9	100,00 %

Totalt disponerte ubrukte lånemidlar ved utgangen av året er på kr 9,6 mill, dette er ein reduksjon i høve 2019 på kr 38,1 mill

Eit stort tal ubrukte lånemidlar seier noko om at vi ikkje klarer å halde framdrifta på prosjekta som er vedtekne og eit signal på at det nok vert starta fleire prosjekt enn kva administrasjonen har kapasitet til å gjennomføre. Det er difor gledeleg at etter mange år med eit høgt nivå på ubrukte lånemidlar er dette redusert vesentleg

## 5 Oppvekst

Stad	Namn		Årsverk	Barn/elevar
Kommunedirektøren	Ingvard Flekke, kommunalsjef	Leiar i Hafs oppvekst i 2020	2,4*	
Dingemoen skule	Eli-Terese Sande, rektor	Ny rektor frå august 2020. Felles rektor	33,5	174
Fjaler ungdomsskule	Eli-Terese Sande, rektor		19,9	94
Flekke skule og barnehage	Magnhild Hoddevik, rektor	Ny august 2020	16,65	24 barnehage 45 skule
Våge skule	Anne Erstad, rektor		12,2	37 barnetrinn 13 ungd.trinn
Guddal skule	Bjarne Huseklepp, rektor	Skulen nedlagt august 2020		
Yksnebjør barnehage	Gro Rysjedal, styrar		20,1	57
Våge barnehage	Vigdis Øen Åsnes, styrar		6,7	17
PPT	Berit Bjørnsen, leiar	Felleskontor for 7 kommunar	10	
Hyllestad og Fjaler kulturskule	Mats Willemoes Systaddal, rektor	Hyllestad er vertskommune	5,85	169 (2020) 170 (2019)
Flyktningteneste	Elisa Hadeland, flyktningkoord.	50 personar bur her i dag. 4 nye i 2020	2	25 barn/elevar < 18
Elvetun barnehage (privat)	Anny Holm, styrar og barnehageeigar	Fjaler kommune er barnehagemyndigheit		36

\*1 stilling Hafs oppvekst, 0,2 hovudtillitsvald, 0,2 barnehage

## Økonomi

	2019	2020
Rekneskap	76 343	71 179
Budsjett	76 014	71 667
Avvik	329	-488

Rekneskapen totalt for 2020 viser eit mindreforbruk på kr. 488 000. På enkelte område har vi bruk tidlegare avsette fondsmidlar. Jamt over har det vore god budsjettstyring og –disiplin.

Frå 2019 viser rekneskapen ein markert nedgang. Her er det fleire faktorar som spelar inn. Skulen på Guddal vart lagt ned i august 2020. Skyssutgiftene vart mindre grunna Covid-19. Kulturskulen hadde eit overforbruk i 2019, som vart retta opp att i 2020. Skulane har endra elevmasse frå år til år. Dette gir seg utsLAG i klassedeling og spesialundervisning, som igjen viser att på lønsutgifter og tal tilsette. Barnetalet i barnehagane varierer frå år til år. Dette spelar inn på bemanning.

### 3 Arbeidsgjevar

#### 3.1 Årsverk

Den største endringa i 2020 var at Guddal skule vart lagt ned, og elevane i Guddal vart ført over til Flekke skule. 2 av dei tilsette vart ført over til ledige stillingar på Dingemoen skule, og rektor Bjarne Huseklepp gjekk av med pensjon. I einingane elles har det vore berre mindre endringar. På Dingemoen skule vart 2 ledige fagarbeidarstillingar gjort om til miljørettleiarstillingar med krav om sosialfagleg høgskuleutdanning.

Vi har god variasjon i alderssamansetjinga i oppvekstssektoren. Dei nærmaste åra vil det ikkje bli urovekkande mange som når pensjonsalder. Vi har hatt god utteljing på rekruttering, og utdanningsnivået er høgt. Utfordringa er å få vikarar, både til kort- og langtidsfråvær. Dette brukar leiarane mykje tid på.

#### 3.2 Sjukefråver

Mulige dgr. 1-8 dager		9-16 dager		17-56 dager		>=57 dgr		>=1 dgr		Totalt	
Ant.	Ant.	Pros.	Ant.	Pros.	Ant.	Pros.	Ant.	Pros.	Ant.	Pros.	
27879,2	413,2	1,48 %	141,5	0,51 %	258	0,93 %	1031,7	3,70 %	1844,2	6,61 %	

Sjukefråværet for 2020 viser ein liten nedgang frå 2019. Då var totalen 7,2% og over snittet for Fjaler kommune. I 2020 er oppvekst under dette snittet. I 2020 har eigenmeldt < 8 dagar gått litt opp, medan langtidsfråvær har gått ca 1%-poeng ned. Auken i korttids eigenmeldt relaterer vi mykje til Covid-19, og kriteria som er sett der for å halde seg borte frå arbeidsplassen.

#### 3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Undersøkinga vart gjennomført med svært god deltaking i oppvekstssektoren, ca 90%. Personalsjef og kommunalsjef har hatt resultatgjennomgang med kvar enkelt leiar. Styrar/rektor skal så ta det vidare med sine tilsette. Det er sjølv sagt ulike resultat mellom einingane, med vi har jamt over høg score på motivasjon for arbeidet og fleksibilitetsvilje. Undersøkinga viser at vi må bli betre på meistringsklima, dvs samarbeide og dele kompetanse og erfaring for å gjere kvarandre endå betre. Vidare så viser undersøkinga at vi må bli betre på kompetanseutvikling og leiarutvikling. Undersøkinga har gitt oss gode stadfestingar og godt materiale på kva vi må ha fokus på i arbeidet vårt vidare.

### 4. Tenestene

2020 har vore eit spesielt år. Korona har vore sentralt, og det har ført til at fleire planar og opplegg måtte gå ut. Men barnehagane og skulane har løyst utfordringane svært godt.

Fagleg sett så viser resultata i Nasjonale Prøver for 5 trinn litt svakare resultat i 2020 enn tidlegare. Vi ligg jamt over under nasjonalt snitt. Særleg i engelskfaget har vi ein del hente inn. I 8. og 9. trinn er vi omrent på snitt.

Elevundersøkinga vert køyrt for alle frå 5. trinn til 10. trinn. Undersøkinga viser mellom anna at vi må ha fokus på elevmiljø.

Kulturskulen har hatt utfordringar med å finne rom, då dei dette året ikkje kan nytte Dingemoen fullt ut. Med fleksibilitet frå alle partar har det gått greitt. Fjaler har mange elevar i kulturskulen, og kulturskulen har greidd å gje eit tilfredstillande tilbod til elevane også no i Covid-9-tida. Kulturskulen gir tilbod på Våge, i Flekke og i Dale. Dette året har rektor på kulturskulen vår også hatt ansvar for Askvoll kulturskule. Fagrådet i kulturskulen arbeider for å prøve å få til felles kulturskule med Askvoll i framtida.

Tilsette i flyktningtenesta følgjer godt opp flyktningane vi har fått til Fjaler. Dette viser at ved at vi år etter år får tilbod om å ta imot nye. Dei aller fleste får vi ut i utdanning eller arbeid. Etter 5 år i kommunen kan dei flytte der dei vil. Nokre har gjort det, og det er heilt naturleg. Flytting har vore grunna høgare utdanning, annan vidaregåande utdanning enn vi kan tilby her, eller arbeid.

Flyktningtenesta har godt samarbeid med andre sektorar i kommunen. Vi har og eit godt samarbeid med Askvoll kommune, der Askvoll har ansvar for Grunnskule for vaksne, medan Fjaler har ansvar for Vaksenopplæringa. Vi håpar på samarbeid også i framtida.

Våge barnehage flytta inn i nytt, flott bygg desember 2019. Barn og tilsette er godt fornøgde.

Våge skule arbeider med skolemiljø og vi vil ha ekstra fokus på det i tida framover. Likeeins er fagforsyninga sentral i arbeidet. Vi har har starta eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.

For skulane i Dale, og særleg Dingemoen har det vore eit spesielt år med riving av gammal skule og bygging av ny. Elevar, tilsette og leiing ved skulane har vist stor fleksibilitet og vilje i «trange kår». Byggeprosessen har gått etter planen, godt styrt av prosjektleiar frå Teknisk kontor i samarbeid entreprenør, rektor og tilsettrepresentant frå skulane.

Elevane på Guddal skule vart overføte til Flekke skule august 2020. Tilbakemeldingar er at skulen har teke godt i mot elevane. Skulen i Flekke vart 4-delt i 2020, og barnehagen er tilnærma full.

Yksnebjør barnehage har i 2 år hatt samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, der tilsette har fått ekstra kunnskap om korleis vere trygge og tydelege vaksne for barna. Vi har gode tilbakemeldingar på opplegget. Vi meiner og å sjå gode resultat.

## 5 Kostra

### Grunnskule

	Fjaler 2019	Fjaler 2020	Askvoll	Kostragruppe 06	Vestland
<b>Prioritet</b>					
Netto driftsutgifter grunnskolesektor i prosent av samlede netto driftsutgifter	24,0 %	21,8 %	23,9 %	20,7 %	22,9 %
Netto driftsutgifter grunnskolesektor per innbygger korrigert for elever i priv.	19 877	18 232	20 378	17 802	15 344
Netto driftsutgifter i prosent 215 skolefritidstilbud (B)	0,5 %	0,5 %	0,2 %	0,5 %	0,5 %
Netto driftsutgifter til grunnskole i prosent av samlede netto driftsutg.	20,3 %	18,2 %	19,9 %	16,3 %	18,0 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	126 583,3	122 125,7	134 616,5	124 707,9	96 007,9
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,5 %	9,3 %	9,1 %	9,6 %	7,5 %
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>					
Antall elever	365				

#### Kommentarar:

Vi ser at driftsutgiftene har gått ned frå 2019 til 2020. Vi ligg likevel litt høgt samanlikna med kostragruppe 6 når det gjeld netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter for kommunen. Men per elev ligg vi litt under. Prosent elevar med spesialundervisning har auka, vi ligg no litt under kostragruppa, men monaleg over Vestland.

## Skuleskyss

	Andel elever i grunnskolen som får tilbud om skoleskyss	Korrigerte brutto driftsutgifter til skoleskyss (223), per elev som får skoleskyss
Fjaler	18,4 %	10 658,3
Kostragruppe 06	45,0 %	8 295,8
Askvoll	55,0 %	5 580,1
Vestland	26,5 %	7 934,3

Vi har låg prosentdel elevar med skuleskyss, men kostnaden per elev som får skyss er høg. Dei fleste som har skuleskyss i Fjaler har lang skuleveg.

## Barnehage

	Fjaler 2019	Fjaler 2020	Askvoll	Kostragruppe 06	Vestland
<b>Prioritet</b>					
Netto driftsutgift. barnehagesektor i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	10,1 %	10,8 %	10,1 %	9,9 %	14,8 %
<b>Økonomi</b>					
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Barnehage	175 902	186 841	167 266	198 211	171 599
<b>Andre nøkkeltall</b>					
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet, alle barnehager	4,9	4,9	5,3	4,8	5,7

Samanlikna med kostragruppa 6 ligg vi høgt på netto driftsutgifter i prosent av kommunen sine totale driftsutgifter. Når det gjeld driftsutgifer per barn 1-5 år så ligg vi noko under. Men også her har vi hatt ein auke frå 2019.

Vi har god dekning i barnehagane. Som oftast greier vi å tilby plass til foreldre som søker plass og så utover hovudopptaka. Pedagog- og personalnorm må følgjast. Difor utløyser av og til eitt ekstra barn, ekstra bemanning. Som igjen fører til at vi til tider har ledig kapasitet på plassar for barn.

## Kulturskule

	Fjaler 2019	Fjaler 2020	Askvoll	Vestland	Kostragruppe 06
<b>Prioritet</b>					
Musikk- og kulturskoler nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	0,9 %	0,7 %	0,5 %	0,5 %	0,7 %
<b>Økonomi</b>					
Musikk- og kulturskoler nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	725	595	414	322	562

Sjølv om det er nedgang i tala frå 2019 til 2020, så viser tala at vi ligg høgt i satsing på kulturskulen. Nedgangen frå 2019 kan m.a. forklarast med sal av leiartenester til Askvoll, utan at vi har auka personalressurs.

## 6 Utfordringar framover

Til hausten skal ny 1-10-skule vere på plass på Dingemoen. Dei siste åra har det vore svært utfordrande med plass på Dingemoen. Personale, leiing og elevar har vore svært fleksible, men alle ser no fram ny skule er på plass. Arbeidet framover, som alt er i gang, er å få 2 kollegagrupper og kulturar til å bli 1. Vi har stor tru på at det vil bli bra, men vanlegvis tek slikt noko tid. Vi vil og få samla mykje kulturskuleaktivitet på den nye skulen. Dette vil vere bra elevar, tilsette og føresette.

Flekke skule- og barnehage har det trangt i høve romløysingar både for barnehagebarn/elevar og tilsette. Men også her har leiing og tilsette vist fleksibilitet og vore løysingsorienterte.

Elevundersøkingar, skulemiljøsaker og 10-faktorundersøking viser at vi har utfordringar i høve skulemiljø. Her er vi no inne i eit prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet, Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Vidare har vi inngått eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet på ein av skulane. Statsforvaltaren i Vestland har tilsyn med 2 av skulane i vår opp mot same tema.

I 2021 er planen at vi skal ta i mot 13 flyktningar. Slik det ser ut no så vil det gå ganske greitt å finne hus og leilegheiter. Men i periodar er det vanskeleg i Dale. Om vi får alle desse 13, så vil vi ha behov for å ha 2 flyktningkoordinatorar også utover 2021.

Vi er få som kan gjøre det administrative i desse to sektorane. Krava til oppfølging, rapportering, dokumentasjon, rutinar, møte på tvers og møte med eksterne vert stadig større. Slik er det, og det må vi forhalde oss til. Men vi ser at vi er sårbare ved å ikkje ha særleg back-up.

## 6 Helse og omsorg

### 1 Om sektoren

Helse og omsorg er delt inn i desse sju einingane:

**Tenestekontor:** Har ansvar for tenester knytt til forvaltning (tildeling av tenester og enkeltvedtak etter gjeldande lovverk), koordinerande eining, kompetanseheving, økonomi og systemansvar.

Tenestekontoret har også ansvar for BPA, lærlingar og omsorgsstønad. Tenestekontoret er støttestab for kommunalsjef helse og omsorg.

**Miljøteneste:** Alle tenestene til personar med utviklingshemming er samla i denne eininga. Tenester i bufellesskap, i eigen heim, avlastningstilbod, dagsenter og eige tiltak der ein kjøper tenester hjå eit eksternt firma.

**Heimetenenester:** Yt heimetenenester til heimebuande innbyggjarar i heile Fjaler kommune. Dette inkluderer også omsorgsbustader. Har gjeve tradisjonelle heimetenenester og praktisk bistand.

**Sjukeheim:** På sjukeheimen er det ei langtidsavdeling m/skjerma eining, ei kortids- og rehabiliteringsavdeling, institusjonskjøkken og dagsenter.

**Helsetenenester:** Er sett saman av psykisk helse og rus, legekontor, fysio- ergoterapitenesta og helsestasjonen. Alle er samla med felles leiar.

**HAFS barnevernteneste:** Er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Tenesta arbeider etter lov om barnevern-tenester. Fjaler kommune er vertskommune og har arbeidsgjevaransvar for tenesta. Dei deltek også i barnevernvaktordning med kommunane Sunnfjord, Kinn og Bremanger.

**NAV:** NAV Fjaler er eit partnarskap mellom NAV Vestland og Fjaler kommune, og yt arbeids- og velferdstenester. Dei kommunale oppgåvene er etter lov om sosiale tenester i NAV og søker til Husbanken.

Alle leiarane rapporterer til kommunalsjef helse og omsorg.

### 2 Økonomi

#### 2020

Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Fellesteneste Helse	7 837	7 012	825
Heimeteneneste	15 468	15 395	73
Sjukeheim	27 855	29 562	- 1 707
Miljøteneste	24 737	24 963	-227
Helseteneneste	18 750	17 881	869
Barnevern	3 935	4 353	-418
NAV	2 658	3 444	-786
<b>Totalt</b>	<b>101 240</b>	<b>102 610</b>	<b>-1 369</b>

Tal frå rekneskapen viser eit underforbruk på 1 369 000 kroner, dette er – 1,33 % avvik.

**Fellesteneste helse** har fått mindre refusjonar frå staten enn budsjettert.

**Heimeteneste** har hatt god budsjettkontroll gjennom året. Har tilpassa bemanning ut frå vedtakstimar.

**Sjukeheim** fekk auka budsjett ved førre tertial grunna auka behov hjå pasientar. Det har vore stort fokus på å tilpasse bemanning ut i frå behov og redusert bemanning når dette har vore mogeleg. Har fått høgare brukarbetaling enn forventa.

**Miljøteneste** har dette året drifta tenestene noko annleis på grunn av korona, ein har måtte bemanne opp i helgar og feriar då brukarane ikkje reiste heim til sine pårørande slik dei pleier. På den andre sida har ein redusert bemanning ved at ulike tilbod har vore stengde og aktivitetsnivået har vore redusert. Tenestene til barn og unge har vore redusert i mars-april, redusert avlastingstilbod og aktivitet. Ein har heile vegen justert bemanninga ved innleige ved sjukdom/vakante stillingar.

#### **Helsenestene:**

**Helsestasjonen** har god budsjettkontroll, budsjett i balanse.

**Fysio- ergoterapi** sitt rekneskap syner tilnærma balanse med eit lite underforbruk.

**Psykisk helse** har god budsjettkontroll.

**Legesenter** har eit stort overforbruk. Overforbruket er koronarelatert.

**Barneverntenesta** har eit underforbruk. Hovudårsaka er at nokre tiltak ikkje har vorte sett i verk som planlagt og i løpet av året har det vore endringar av avtalar. Korona har ført til restriksjonar på aktivitet som kan forklare at behovet for tilskot har vore mindre. Grunna vakanse i tenesta er det mindre utgifter til løn enn forventa.

**NAV Fjaler** har eit stort underforbruk. Budsjettramma til bustadtilskot vart ikkje nytta i 2020 då kontoret ikkje har hatt kapasitet/ressursar til å jobbe aktivt med tilskotsområdet. Stort sjukefråvær og deltidstilsette som har slutta, har ført til reduserte lønnsutgifter. I tillegg har det vore færre søknader på økonomisk sosialhjelp, spesielt i 3. tertial.

## 3 Arbeidsgjevar

### 3.1 Årsverk

**Tenestekontoret:** 2,8 årsverk.

BPA: Til saman 7,77 årsverk.

**Miljøteneste:** 24,6 årsverk.

18,62 heimetenesta/miljøteneste

4,40 Vevang dagsenter

1,58 tenester til barn og unge avlasting/støttekontakt

Har fått tilsett kvalifisert personale i vakante stillingar, har ingen vakante stillingar.

**Heimeteneste:** 20,8 årsverk.

Har hatt gode søkerar på utlyste høgskulestillingar og har tilsett nytt kvalifisert personale. Jamfør helsestrategiplanen med fokus på rehabilitering har vi omgjort ei helsefagarbeidarstilling til høgskulestilling innan rehabilitering.

#### **Sjukeheim:**

Langtidsavd. med skjerma eining: 20,75 årsverk.

Korttids-rehab.avd.: 13,88 årsverk.

I desse årsverka er leiar sjukeheim og personale på avdelingskjøkken medrekna.  
 Dagsenter: 1,6 årsverk. ( 1 aktivt årsverk , grunna permisjon)  
 Kjøkken: 2, 6 årsverk.  
 Det har lenge vore vanskelig å rekruttere sjukepleiarar til sjukeheimen.

**Helsetenestene:**

Psykisk helse: 4,75 årsverk.

Ny ruskoordinator tilsett i 2020.

Fjaler og Askvoll har tilsett psykolog i 100 % stilling, der 50 % er i Fjaler kommune.

Helsestasjonen : 3,3 årsverk.

Har lykkast med å få tilsett fagansvarleg helsesjukepleiar.

Legekontoret : 5 årsverk inklusiv turnuslege.

2 årsverk er legeressurs der 1 årsverk er turnuslege og 1 årsverk er fordelt på fleire legar med ulike kommunale legeoppgåver innan sjukeheim, helsestasjon, smittevern, samfunnsmedisinsk rådgjeving, miljøretta helsevern og andre kommunale legeoppgåver. Dei resterande resursane er i ekspedisjonen/legekontoret.

Fysio- ergoterapiavd: 5 årsverk inklusiv turnuskandidat.

Ingen endringar i årsverk eller stillingar i 2020.

**NAV Fjaler:** 2 kommunale årsverk.

Har 5 fast tilsette, der 2 er kommunale. Leiar er statleg tilsett, og partane deler 50/50 på lønnsutgifter.

**Barnevernstenesta:** 8, 5 årsverk.

Har 8,5 stillingar inkludert leiar. 2,5 stillingar er tiltaksstillingar og 6 er sakshandsamingsstillingar. 2,3 av stillingane er stort sett finansiert av tilskot frå statsforvaltaren. Signal frå staten tyder på at dette øyremerka tilskotet fell vekk ved gjennomføring av barneversreforma 2022. Pr. i dag er det 1 stilling vakant.

### 3.2 Sjukefråvær

Arbeidsstad	Totalt sjukefråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Helse og omsorg 2019	6,65 %	1,13 %	0,39 %	1,52 %	5,13 %
Helse og omsorg 2020	7,03 %	1,45 %	0,66 %	2,11 %	4,92 %

Helse og omsorg har auka sjukefråvær i 2020 samanlikna med 2019.

Årsak til auke i sjukefråvær er koronarelatert som gjev utslag på sum korttidsfråvær 0-16 dagar.

### 3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Det er gjennomført medarbeidarundersøking i 2020. Einingane har fått resultata og leiarane arbeidar med ulike tiltak.

## 4. Tenestene

### Viktige tiltak som er gjennomført i tenestene 2020:

<b>Fellesteneste</b>	
Arbeid med reforma	Digitale møte med fylkesmannen med fokus på innsatsområde,
Leve heile livet	førebuing av frivillig arbeid og revidering av helsestrategiplan.
Elektroniske meldingar	Vidareutvikling av e–meldingssystem.
Systemansvar	Oppgradering av fagsystem. Kompetanse innan systemarbeid er auka.
Lærlingar	Det har vore fleire lærlingar enn tidlegare år grunna samarbeid med flyktningtenesta.
Koronatelefon	Tidkrevjande arbeid med eit tilbod som har vore mykje nytta.
Medlevarturnus, BPA tiltak	Driftar tenester som tidlegare vart kjøpt av privat firma, tilsett personale i medlevarturnus.
Velferdsteknologi	I samarbeid med utviklingsenteret har vi innført fleire nye metodar tiltak , m.a. elektronisk medisindispensar og digitalt tilsyn. Gevinstrealseringa er at vi har teke bort ei nattevakt og erstatta den med digitalt tilsyn. Dette arbeidet går kontinuerleg. Leiar i velferdsteknologi har ca. 40 % stilling knytt opp til prosjektet
Kompetanseheving	Framhald av utdanning av assistenter til helsefagarbeidarar. Ulike typar ABC-kompetanseheving. Fire ordinære helsefaglærlingar gjennom året. Dei minoritetsspråklege som tek helsefagarbeidarutdanning skal ta fagprøve i løpet av 2021.
<b>Heimetenester</b>	
Bu lengst mogeleg heime	Tidleg innsats i heimen, tidleg inn med tilbod om dagopphald til eldre. Tilby tiltak for meistring i heimen.
Rehabilitering og habilitering	I helsestrategiplanen er rehabilitering og habilitering eit av dei viktigaste prioriteringssområda for at innbyggjarane skal få bu heime lengst mogleg. Har tilsett fysioterapeut i heimetenesta.
Kompetanseheving	Har fått tilskot til kompetansehevande tiltak innan kreft og palliasjon; Koordinator innan kreftomsorg har ansvar for undervisning i tverrfaglege grupper frå heimetenesta og sjukeheim.
<b>Sjukeheim</b>	
Midlar- tiltak mot einsemd	Sjukeheimen søkte og mottok kr 320 000 frå Statsforvaltaren i 2020. Dette er midlar som skal gå til tiltak mot einsemd for pasientar på sjukeheimen og pasientar i omsorgsbustad. Dei fleste av aktivitetane føregår difor på dagsenteret.
Auka kompetanse Demens og Alderspsykiatri	To sjukepleiarar har delteke på utdanninga og auka sin kompetanse spesielt innan kap. 4 vedtak.
<b>Miljøteneste</b>	
Langturnus	Eit av måla for miljøtenesta er at brukarar med store hjelpebehov har færrest mogleg personale. Nokre tilsette har langvakter og andre tilsette har ordinær turnus. Vi ser effekten best på helg med god fagdekning og gjer ei heilskapleg teneste med færre personar på jobb og betre oppfølging.
Ernæringsarbeid i miljøtenestea	Det vart søkt om midlar til systematisk ernæringsarbeid for denne målgruppa. Ein fekk midlar og det har vore arbeidd med kartlegging,

	opplæring og tilrettelegging av måltid for enkeltpersonar og fellesmåltid.
Aktivitetssenter for funksjonshemma	Tilboden har vore redusert dette året, men brukarane har fått tilbod i eigen heim i staden. Miljøtenesta treng å ha eit auka fokus på å forhindre einsemd og passivitet.
Kompetanseheving	Miljøtenesta har samarbeida tett med vaksenhabiliteringa i spesialisthelsetenesta for kompetanseheving innan bruk av tvang og makt, miljøarbeid og aldring hjå personar med utviklingshemming.
<b>Helsetenester</b>	
Helsestasjonen og skulehelsetenesta	Det har vore utfordrande å utvikle tenesta utover ordinær dagleg drift grunna vakant stilling og koronarestriksjonar. Ein har klart å sikre forsvarlege tenester. Med ny fagansvarleg helsesjukepleiar tilsett medio august, fekk Flekke skule tilbod om helsesjukepleiar på skulen. Skulehelsetenesta har over år hatt ein helsesjukepleiar løna av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Det har gjort tenesta meir synleg og tilgjengeleg. Samarbeidet med pedagogisk personale i skule og barnehage, interkommunalt barnevern, fysioterapitenesta, BUP og kommunepsykolog er styrka.
Fysio/ergo	Grunna korona og smittevernreglar har FysioErgo hatt reduserte tenester innan nokre tilbod.  Viktige målsettingar for FysioErgo-tenesta er, og vil fortsatt vere: <ul style="list-style-type: none"><li>- At brukarane av FysioErgotenester skal oppnå best mogeleg funksjon og livskvalitet gjennom kompetent oppfølging til rett tid.</li><li>- Tenesta skal jobbe førebyggande, tilretteleggande, helsefremjande, kurativt, tverrfagleg og med habilitering og rehabilitering.</li><li>- Systematisk, målretta systemarbeid med gode prosedyrar, der alle er trygge på sine arbeidsoppgåver og roller i tenesta.</li><li>- Styrking av den faglege verksemnda og kompetansebehov.</li><li>- Stabil drift og kontinuitet i tenesta der tiltak blir vidareført.</li><li>- Sikre nok kapasitet i tenesta til å løyse eksisterande oppgåver og utfordringar framover.</li></ul>
Psykisk helse og rus	<u>Rusarbeid:</u> I psykisk helse har det gjennom 2020 vore fokus på styrking av feltet rusarbeid. Det blei tilsett rus-koordinator 17.08.2020.  <u>Tilsetting av psykolog</u> Fjaler og Askvoll har tilsett psykolog i 100 % stilling, der 50 % er i Fjaler kommune.  <u>Brukarplan:</u> I 2020 hadde psykisk helse/rus for fyrste gong registrering i Brukarplan (Kartleggingsredskap for psykisk helse og rus). Det vil vere årleg rapportering i Brukarplan.
Legekontoret	<u>Kommuneoverlege:</u> Det blei i oktober tilsett kommuneoverlege fast i 40 % stilling. Kommuneoverlegen og leiar helsetenesta har i samarbeid med

	<p>kommunalsjef helse og omsorg jobba med og redigert diverse kommunale kriseplanar.</p> <p><u>Akuttmedisinsk opplæring:</u> Det er starta akuttmedisinsk opplæring av alle tilsette på legekontoret. Målet for 2021 er at alle skal ha denne opplæringa.</p>
<b>Barnevern</b>	
Barnevernsreforma 2022 – tidleg innsats	Det har vore mykje fokus på barnevernsreforma som skal tre i kraft i 2022. I korte trekk skal denne reforma bidra til at kommunane får meir ansvar (økonomisk og fagleg) for barnevern, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for barn og unge.
Kompetanseheving	<p>Barnevernstenesta har oppretta samarbeid med fleire andre barnevernstenester i 2020 for å opprette læringsnettverk. Har fått innvilga tilskot frå statsforvaltaren til å starte læringsnettverk på fosterheimsområdet og tiltakskompetanse. Er også deltakar på «tenestestøtteprogram» i regi av Bufdir i 2020/2021. Tilsette har starta vidareutdanning.</p> <p>Ny som leiar i kommunen: Mange leiarar deltek på eit leiarprogram med KS.</p>
<b>NAV</b>	
Ny statleg organisering	NAV Fjaler vart frå 01.01.19 ein del av region Sunnfjord i ny organisering under NAV Vestland
Samhandling i NAV	<p>Samarbeid på tvers mellom NAV-kontora i Hyllestad, Askvoll og Fjaler (HAF) har vore eit prioritert område. Kontora samarbeider om kollegarettleiing i grupper og nettverkssamlingar for sosialfaglege tenester.</p> <p>I tillegg er det eige nettverk for HAF og Høyanger, for tilsette med oppfølging sjukmeldte. Nytt i 2020 er regionalt nettverk i NAV-region Sunnfjord både på økonomisk rettleiing/gjeldsarbeid og for tilsette som har arbeidsretta oppfølging av flyktningar som arbeidsområde.</p>
Brukardialog	NAV Fjaler er deltakar i piloten «Evaluering av brukarsamtalen». Piloten skal legge grunnlaget for vidare satsing på brukardialog i NAV.
HelseArbeid	Tenestesamhandling mellom Helse Førde og NAV-region Sunnfjord. HelseArbeid er en satsing på førebyggande og helsefremjande tiltak knytt til muskel-, skjelett- og psykiske plager. <b>Individtiltaket</b> tilbyr rask tverrfagleg utredning og arbeidsfokusert avklaring (poliklinikk) etter henvisning fra fastlege. NAV Fjaler har tilsett i 20 % stilling i prosjektgruppa.
Utviklingsprosjektet NAV-region Sunnfjord	Utviklingsprosjektet i NAV region Sunnfjord starta opp i juni 2020 og skal levere sin sluttrapport innan 31.12.22. Prosjektet skal sjå på koordinering av tenester til arbeidsgjevarar og sjukemeldte i regionen. Kommunedirektør Bente Nesse er i styringsgruppa, saman med dei andre kommunedirektørane i regionen og NAV Vestland. NAV Fjaler har tilsett i om lag 20 % stilling i arbeidsgruppa til prosjektet.

## 5 Kostra

### Fellestenester:

Tenestekontoret fatta mellom anna følgjande vedtak etter helse- og omsorgstenestelova. Per 31.12.2020 var det totalt 286 brukarar

	2020	2019
<i>Helsetenester i heimen</i>	89	74
<i>Praktisk bistand</i>	36	45
<i>Dagopphald</i>	5	17
<i>Korttidsopphald</i>	33 (Av desse var 27 rehabiliteringsopphald)	65
<i>Omsorgsbustad</i>	5	7
<i>Fast opphold</i>	6	11
<i>Venteliste fast opphold</i>	10	11

I tillegg kjem vedtak om tryggleiksalarm, omsorgsstønad, praktisk bistand i bustad miljøarbeid, brukarstyrt personleg assistanse, psykisk helse, følgjekort, parkeringsløyve og støttekontakt. 98 % av alle søknadar om tenester er sakshandsama og svart innan frist. Der det ikkje har vore mogeleg å overhalde frist er det sendt ut førebels svar eller kalla inn til møte med part(ane).

Tal korttidsopphald speglar koronasituasjonen der rehabiliteringshybler var satt i beredskap til kohort. Det er innvilga rehabiliteringsopphald til alle utskrivingsklare pasientar med behov for heildøgns pleie og omsorg.

### Heimetenesta:

	2020
Helsehjelp i heimen	131 brukarar
Praktisk bistand	64 brukarar
Dagopphald	17 brukarar
Omsorgsbustadar	21 brukarar
Kvardagrehabilitering	1 brukarar

Helsehjelp i heimen: Ein stor auke hausten 2020 med mange nye brukarar, ein del av desse med store hjelpebehov.

Dagopphald: Ikkje nye søkerar, dette truleg grunna korona og at dagsenter har vore mykje stengt i 2020.

Omsorgsbustadar: Stabilt med bebuarar gjennom året, ikkje hatt ledige bustader.

Kvardagrehabilitering: Har vore jobba mykje med å etablere og organisere tenesta. Tenesta vart iverksatt ved nyttår 2020. Har per i dag eit vedtak. Målet er å auke opp tilbodet ved tilsetting av fysioterapeut i heimetenesta.

**Sjukeheim:**

Dekningsgrad	2020	2019	2018	2017
Dekningsgrad på institusjon	95,8 %	92,6 %		
Dekningsgrad på institusjon + rehab.hybler	85,3%	79,8%		
Overliggedøgn i spesialisthelsetenesta	0 %	0 %		
Re-innlegging sjukehус innan 30 døgn, Fjaler	15,0	17,0	19,0	29,4
Kjøp av institusjonsplass i andre kommunar	0 %	0 %		
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på Sjukeheim	Fjaler: 15,2% Vestland : 12,2% Landet u/Oslo : 11,2%			
Middagsombering	35 innbyggjarar (Auke frå 20 til 35 i 2020 grunna korona og stengt dagsenter)			

**Miljøteneste:**

		2020	2019
Miljøteneste	Inkl. barn/unge	Tenester til 41 brukarar	Tenester til 33 brukarar
Omsorgsbustad	7 husvære i bufellesskap	15 kommunale bustader	
Barn og unge		Tenester til 13 personar	
Støttekontakt		7 personar har innvilga støttekontakt	
Avlastingsdøgn	Reduksjon på 30 døgn grunna korona	270 døgn	
Dagsenter Vevang	Mange har redusert tilbod grunna alder, har og vore noko redusert i mars-juni grunna korona	Tilbod til 11 personar	Tenester til 12 personar
1:1 bemanning		5 personar	
2:1 bemanning		2 tiltak	
BPA		2 tiltak	
Kjøp av private tenester		1 tiltak	
VTA, arbeidstilbod Vevang produksjon	Fleire har redusert tilbod grunna alder	12 personar har arbeidstilbod der	

Tenester til barn og unge har hatt ei auke i søkerar vedkomande barn og unge med diagnosar som ikkje er utviklingshemming.

98 % av alle søknadar om tenester etter helse og omsorgstenestelova er sakshandsama og svart innan frist. Der det ikkje har vore mogeleg å overhalde frist er det sendt ut førebels svar eller kalla inn til møte med part(ar).

Re-innlegging til spesialisthelsetenesta innan 30 døgn - 20% i 2019. Tidlegare år har dette vore høgre tal. 29% i 2017 og 25% i 2015.

#### **Helsetenester:**

Helsestasjon og skulehelseteneste er utført i tråd med gjeldande Nasjonale retningslinjer for helsestasjon og skulehelseteneste. Det er meldt få avvik frå helsestasjonen med utgangspunkt i KOSTRA:

	2020
Tal gravide i svangerskapsomsorga med konsultasjonar hos jordmor	25
Tal heimebesøk seinast tre dagar etter utskriving frå barsel av jordmor	17
Tal heimebesøk seinast to veker etter utskriving frå barsel av helsesjukepleiar	20
Tal seksvekers konsultasjonar seinast ved åtte veker av helsesjukepleiar og lege	26
Tal konsultasjonar med to-åringar av helsesjukepleiar og lege	24
Tal konsultasjonar med fire-åringar av helsesjukepleiar	27
Tal konsultasjonar ved skulestart av helsesjukepleiar og lege	23

Grunna koronarestriksjonar er det ikkje gitt tilbod om temagrupper på helsestasjonen til føresette til barn 0-1 år. Av same grunn vart ikkje Helsetemadag for 8.-10.klassessteg i Fjaler arrangert.

#### **Barnevernstenesta:**

Nedgangen i tal meldingar held fram i 2020 (4,2 % i 2019). Det er vanskeleg å forklare med t.d. covid-19 når vi samanliknar med kostragruppa. Vi har hatt ei betring i tal fristbrot og ligg no omtrent jamt med samanliknbare kommunar. Driftskostnadane ser høge ut, men kan forklarast ut frå ein reduksjon i tal saker, samt kostnader knytt til settekontor. Vi ser at vi framleis har eit høgt tal saker per tilsett samanlikna med andre kommunar. Sjølv med ein reduksjon i både meldingar og tiltak, ligg vi på linje med andre kommunar når det gjeld tiltak pr. innbyggjar.

	Fjaler 2020	Vestland 2020	Landet utan Oslo 2020
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	6443 kr	8 170 kr	8042 kr
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	2,9 %	4,1 %	5,0 %
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	3,1 %	3,9 %	4,6 %

Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år	3,7 %	3,4 %	3,7 %
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak	149 467 kr	57 848 kr	56 207 kr
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)	77 750 kr	46 383 kr	44 521 kr
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252)	576 667 kr	445 416 kr	433 312 kr
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	26,5 personer	15,5 personer	17,5 personer
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar	89 %	92 %	90 %

**NAV:**

NAV Fjaler – indikatorar	2018	2019	2020
Tal søkerar til sosialhjelp - familiemedlemmer er ikkje medrekna	51	55	43
Mottakarar av sosialhjelp utover 6 månader - også mottakarar av supplerande stønad	15	16	8
Mottakar av økonomisk sosialhjelp 18 – 24 år	3	3	3
Barn i familiar med økonomisk sosialhjelp	24	24	25
Kvalifiseringsprogrammet (KVP) – tal deltagarar - måltal 3,1 frå Statsforvaltaren	0	1	1
Nye vedtak økonomisk rettleiing/gjeldsproblem - § 17 vedtak Lov om sosiale tenester i NAV	12	14	14

Utfyllande informasjon: Det er eit mål at innbyggjarane i Fjaler er sjølvforsørga gjennom arbeidsinntekt og/eller andre ytingar. I 2020 er det reduksjon i tal personar/familiar som søker om økonomisk sosialhjelp, og mottakslempinga utover 6 månader er halvert siste året. I tillegg er det mål om færrest mogleg ungdom på sosialhjelp. I 2017 mottok 9 ungdommar sosialhjelp i løpet av året. I kartlegging av søknader og vedtak, skal barna sine behov ivaretakast spesielt. Difor viktig å ha dette som indikator, for å kunne følgje utviklinga over tid.

## 6 Andre nøkkeltal

Kommunal akutt døgnseng i Førde: Lovpålagt døgnteneste som alle kommunar må tilby, jf. HOL § 3-5 tredje ledd. Teneste for pasientar som treng observasjon og behandling, men ikkje spesialisert behandling i sjukehus. Vi samarbeider med fleire kommunar og vi har totalt 8 plassar saman. Fjaler brukar desse plassane svært lite.

FysioErgo-tenesta	2019	2020	2019	2020	2019	2020
	1.terial		2 tertial		3.terial	
Tal brukarar med individuell fysio-og frisklivsoppfølging.	133 (x)	118 (x)	194 (x)	172 (x)	242	243

Tal konsultasjonar v. kurativ fysioterapi, friskliv, re- og rehabilitering, heimebehandling/kvardagsrehabilitering	1219	738	2335	1548	3531	2731
Tal tilviste hjelpemiddelsaker		31		79		115

Både tal tenestemottakarar og konsultasjonar blir henta ut frå ProMed sitt statistikkprogram. Tal tilviste hjelpemiddelsaker henta frå ergoterapeut si oversikt.

(x) justerte tal ved kontrollmåling i samband med 3 tertial.

Psykisk helse	1. tertial 2020	2. tertial 2020	3. tertial 2020
Kartlegge behov/heimebesøk innan 2 veker etter første kontakt/søknad. Aktivitet støttesamtaler, praktisk bistand, omsorg/pleie, fylgje/støtte i ulike daglege aktivitetar (lege, NAV,), utdeling/adm. av medisin	23 brukarar	29 brukarar	33 brukarar

#### Skulehelsetenesta:

Prosjektmidiane frå Helsedirektoratet er medverkande til at skulehelsetenesta har helsejukepleiar tilgjengeleg tilsvarende normalt for bemanning frå 2010 i vidaregåande skule, barne- og ungdomsskule. Alle konsultasjonar er dokumentert i elektronisk barnejournal. Tal konsultasjonar er aukande som medfører at tida helsejukepleiar har i skulane er for knapp.

Helsestasjon for ungdom opp til 20 år:

Saman med tilbodet i skulane er det satt av tid på helsestasjonen, der lege og helsejukepleiar er tilgjengeleg. Prevensionsrettleiing og tilbod om dette er ein sentral del, som også ungdomar ved UWC nyttar seg av. Samarbeidet med UWC vart formalisert i 2019.

#### Barnevern:

Nedstenginga av landet i samband med pandemien førte til urovekkande få meldingar om vald og overgrep. Dette «tok seg opp att» i andre halvdel av 2020. Vi ser framleis følgjer av pandemien i sakene våre, mykje er vorte vanskeleg for familiar i desse tidene.

	HAFS		
	2018	2019	2020
Meldingar som omhandlar vald og overgrep + vitne til vald	19 stk	20 stk	17 stk

#### 7 Utfordringar framover

Fellesteneste
Det er auke i tal søknadar som gjeld tenester til barn/unge
Auke i tal klagesaker. Det er tidkrevjande arbeid som krev mykje ressursar
Auke i tilsyn frå Fylkesmannen, både når det gjeld system og einskildbrukarar. Krev mykje ressursar.
Heimeteneste

Bebuarar i omsorgsbustadane har dårlegare helse og treng meir helsehjelp. Dette fører til at det må tilførast meir sjukepleiekompetanse til denne gruppa
Heimetenesta har aukande søknader om helsehjelp i heimen. Har hatt eit auke med ca. 30 nye brukarar, der fleire av dei har eit stort hjelpebehov. Dette gjeld brukarar både i og utanfor sentrum. Heimetenesta er ikkje bemanna for tenester utanfor sentrum per i dag på kveld og helg.
Heimetenesta har ansvar for tillaging og utlevering av ca 80 dosettar pr veke. Det har gjennom 2020 vore auke i den type søknader. Det krevjast sjukepleiekompetanse og avsett tid til dette.
Vankeleg å nytte assistenter ved innleige då ein treng fagkompetanse til oppdrag i alle «soner» i Fjaler.
<b>Sjukeheim</b>
Sjukeheimen har hatt rekrutteringsvanskar, spesielt sjukepleiarar
Har i lengre tid hatt mange pasientar på venteliste for fast opphold. Desse pasientane har opphold på korttidsavdelinga inntil det blir ledig på langtidsavdelinga. Det har fått konsekvensar for korttidsopphold og planlagte rehabiliteringsopphold
<b>Miljøteneste</b>
Mange av brukarane i miljøtenesta har nådd ei høg alder, og ein må sikre at personar med utviklingshemming får ein god alderdom med gode helsetenester. Til palliativ omsorg krevjast sjukepleiekompetanse. Satsingsområde er tilrettelegging for fysisk aktivitet tilpassa alder og funksjonsnivå, samt ernæring.
Har oppretta eit nytt BPA i medlevertturnus (10,7 årsverk). Har hatt gode søkerar på stillingar og fått tilsett i fast stilling, men har vakanse og greier ikkje bemanne til full drift, gjev omsorgsløn til pårørande i denne perioden
Areal på Øyra, Mangel på kontorplass ved ombygging på øyra, til fagansvarleg barn og unge. Har tenestemottakarar med store bistandsbehov som treng tett oppfølging, kan vere behov for forsterking på natt. Treng ei eining til opphold for tenestemottakarar som ikkje bur i bufellesskapet som treng oppfølging i korte periodar, ved rehabilitering etter td sjukehusinnlegging. Eller ved palliativ pleie. Desse tenestene må gjevast på sjukeheim viss det ikkje nok areal i buområdet.
<b>Helseteneste</b>
<u>Førebyggande tiltak mot barn og unge:</u> Helsestasjonen melder at med ei meir tilgjengeleg teneste i skulane har talet på individuelle konsultasjonar med helsesjukepleiar auka over tid. Ein del av dette handlar om psykisk uhelse blant born og unge, noko som også var tilfelle før koronaen. Skulehelsetenesta har mått prioritere individuell oppfølging av born og unge. Det er mellom anna blitt fleire born og familiar med flyktningbakgrunn. Når helsesjukepleiar må bruke det meste av tida på individuelle samtalar, vil det gi mindre rom for primærforebyggande og helsefremjande arbeid som helseopplysning i skuleklassar og oppsökande verksemd.
Psykologen melder om same utfordringar som helsesjukepleiarane, eit veldig stort behov for individuell rettleiing og rettleiing veiledning av barn og unge med psykisk uhelse. Psykologen er langt unna å ha kapasitet til å følgje opp dette behovet.
Punkta ovanfor fører med seg eit sterkt behov for kompetanseauke og auka ressursar på barn og unge på helsestasjon/skulehelsetenesta og i psykisk helse. I helsestrategiplanen er dette området vektlagt som eit naudsynt satsingsområde for å klare å nå ut til born og unge som treng rettleiing veiledning og tenester for å behalde eller betre si psykiske helse.
Grunna covid-19 er det store utfordringar med å ha ei god framdrift i prosjektarbeidet retta mot barn og unge. Arbeidet må difor vidareførast i 2021.
Kommunen har vedteke at det skal lagast ein handlingsplan for sjølvmordsførebyggande arbeid. Dette prosjektarbeidet ledast av psykologen og skal ha fokus gjennom 2021.
Akuttmedisinsk opplæring på legekontoret: forskrift som krev at alle tilsette på legekontor skal ha akuttmedisinsk opplæring.

Auka samarbeid mellom helsetasjon/skulehelseteneste, psykisk helse, psykolog og flyktningetensta.
Så lenge Covid 19 pandemien pregar samfunnet med dei smittverntiltak som gjeld, vil FysioErgo ha utfordringar mtp restartig av desentraliserte gruppetreningar.
FysioErgo si bassengtreningsgruppe på Hauglandssenteret er heller ikkje opna opp att fordi Hauglandssenteret ikkje er tilbake i normal drift med bassengutleige. Dette kan på sikt bli ei utfordring for dei som har nytta seg av denne treningsaktiviteten, og som har erfart at regelmessig aktivitet i basseng under leiing av fysioterapeut er med på å redusere helseplagene dei har.
<b>Barnevernsteneste</b>
Kompetanse og rekruttering: Barnevernstenesta må framleis jobbe for å auke tiltakskompetansen i tenesta då mykje av denne har forsvunne med tilsette som har slutt, og rekrutteringssituasjonen har vanskeleggjort utdanning og opplæring. Vi har fokus på god ivaretaking av tilsette, og på å rekruttere tilsette med variert og god fagleg kompetanse.
Reform: innan 2022 må kommunane og barnevernstenesta vere rigga for å overta mykje av dei statlege barnevernsoppgåvane. Dette gjeld også den økonomiske belastinga ved t.d. plasseringar. Det er framleis ikkje tydeleg korleis økonomien vil sjå ut. Vi ser på løysingar for å sikre at kommunen har eit apparat som tidlegast mogeleg fangar opp barn og familiar i behov for hjelp
<b>NAV</b>
Fjaler kommune er etter Lov om sosiale tenester i NAV, pliktig til å yte tenester til dei som har økonomiske utfordringar og gjeldsproblem spesielt. NAV Fjaler har ikkje hatt ressursar/kapasitet eller god nok kompetanse til å yte forsvarlege tenester til alle som har behov for denne tenesta. Det har vore eit aukande behov spesielt dei tre siste åra, og samfunnsutviklinga tilseier at behovet vil auke ytterlegare framover - også i Fjaler kommune. I 2021 er det tilsett mellombels ressurs på fagområdet, viktig at denne stillinga vert prioritert også utover 2021 for å bygge kompetanse og ha nok ressursar i tenesta.

## 7 Tekniske tenester

### 1 Om Sektoren

Teknisk har ei kontoravdeling, driftsentral, reinhaldssentral og deltids brannvesen. Det har ikkje vore endringar på organiseringa i 2020. Det vart gjennomført evaluering av reinhaldssentralen og driftssentralen hausten 2020.

### 2 Økonomi

	2019	2020
Rekneskap	11 476	17 390
Budsjett	10 781	15 105
Avvik	695	2 285

Teknisk har eit samla meirforbruk på 2 285 000 (15,1%). Meirforbruket kjem av:

- Lågare gebyrinntekter for oppmåling enn budsjettet 130 000
- Ingen gebyrinntekter for handsaming av private reguleringsplanar 50 000
- Reperasjon og vedlikehald av veglys, meirforbruk 180 000
- Sjølvkostområda for vatn, avløp og feiing har eit samla meirforbruk på 1 424 372  
Feiing har eit mindreforbruk som følgje av at ein ikkje har kunne gjennomført planlagde tilsyn grunna korona pandemien. Høg kostnad med reperasjon av avløpsnettet. Etterkalkylen for sjølvkost viser at for vatn vart gebyrgrunnlaget lågare enn forventa noko som gav eit resultat høgare enn budsjettet. For avløp vart samla gebyrgrunnlag og lågare enn forventa som gav eit resultat høgare enn forventa.  
Dette gav ei større avsetting til fond som ikkje var forventa og budsjettet

Nytt for rekneskapsåret 2020 er at tidlegare ansvarsområde 600 teknisk no er splitta i 4 ulike ansvarsområder:

600 Kommunalsjef teknisk

601 Reinhold

602 Teknisk drift

603 Sjølvkostområda teknisk

Dette for å samle drift og vedlikehaldsutgifter på eit området noko som vil gje ein betre oversikt over samla utgifter for dei ulike områda som igjen vil gje betre mogelegheit for styring undervegs. Utgiftene blir og direkteført på riktig område og ein unngår store fordelingar av utgifter ved tertial og årsavslutning. Budsjetta til reinhold og drift er flytta frå einingane og over på dei nye ansvarsområda som gjev ein samla auke i budsjett for heile teknisk samanlikna med tidlegare år.

Det er stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Budsjettet ramme dekkar ikkje det samla behovet for vedlikehald og etterslepet vert stadig større. Dette medfører at det på sikt vert behov for større rehabilitering grunna lite vedlikehald. Kostadar med service- og

driftavtalar aukar og ligg over budsjettet ramme. Størst forbruk er det innan bygg innan helse, administrasjonslokale og kommunale bustader. Budsjettetramma vart auka med kr 400 000 i tertial og rekneskapen for 2020 viser at ein har halde seg innanfor budsjettet ramme. Ein har og hatt ekstra inntekt i 2020 som følgje av utleige av Hellevik skule og barnehage.

### 3 Arbeidsgjavar

#### 3.1 Årsverk

Teknisk kontor: 7 tilsette

Driftsentralen: 5 tilsette

Reinhaldssentralen: 9 tilsette + 3 vikarar fordelt på 7 årsverk.

Brannvesenet: Deltid. Brannsjef ligg under teknisk kontor.

Det har ikkje vore endringar i tal tilsette/årsverk i 2020. Teknisk hadde i 2020 4 tilsette over 60 år og to av desse gjekk av med pensjon i 2020 og ein vil gå av våren 2021. Det er tilsett nye i stillingane til dei to som gjekk av med pensjon i 2020.

Fagleg utdanna reinhaldspersonell har vore ei utfordring og det er planlagt reinhaldskurs som skal gjennomførast i 2021 der 7 faste tilsette reinhaldarar skal delta.

Rekruttering av sommarvikarar til driftsentralen har vore utfordrande dei siste åra.

#### 3.2 Sjukefråvær

	Totalt sjukefråvær	Eigenmeldt 1- 16 dagar	Legemeldt 1- 16 dagar	Sum korttidsfråvær	Langtidsfråvær
Teknisk 2018	13,8	0,8	1,0	2,1	11,3
Teknisk 2019	4,76	1,1	0,84	1,94	2,82
Teknisk 2020	9,82	1,08	0,48	1,56	8,26
Fjaler 2020	6,8	1,41	0,58	1,99	4,81

Samla sjukefråvær for teknisk har auka samanlikna med 2019, men har ein nedgang samanlikna med 2018. Samla fråvær er og ein del høgare enn snittet for Fjaler. Korttidsfråværet er relativt likt og lågare enn snittet for Fjaler, medan langtidsfråværet er noko høgare. Langtidsfråværet er høgast innanfor reinhald.

#### 3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

Medarbeidarundersøkinga 10 faktor vart gjennomført i november 2020. Resultata av undersøkinga blir presentert og jobba vidare med i 2021.

### 4. Tenestene

Dei største pågåande prosjekta er:

Bygging av ny 1-10 skule under bygging på Dingemoen. 1 Byggetrinn vart tatt i bruk i oktober 2020.

Forprosjekt ny brann og ambulansestasjon. Prosjekteringsarbeidet er ferdig og konkuransegrunnlaget er klart for utsending.


Oppstart av planarbeid for bustadområde B1 og B3 på Bjerga

Utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel – høyring hausten 2020

Evaluering av driftssentralen og reinhaldssentralen.

## 5 Kostra

**Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate**




	2017	2018	2019	2020
Fjaler	86 219	93 945	102 493	94 301
Kostragruppe 06	97 711	100 206	104 611	108 447
Askvoll	62 597	64 896	81 143	72 868
Vestland				171 070

## Samla årsforsbruk elektrisitet i kommunale formålsbygg:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
<b>Samla årsforbruk i kWt</b>	2 788 887	2 996 245	3 139 303	3 019 876	3 017 885	2 960 198

## 6 Andre nøkkeltal



## 7 Utfordringar framover

Ei gjenntakande utfordringar er drift og vedlikehald av kommunale bygningar og vegar. Det har vore lite ressursar innan teknisk dei siste åra til å følgje opp denne forvaltninga. Store investeringprosjekt krev tett oppfølging frå prosjektleiar og det er utfordrande å ha nok ressursar til å gjennomføre gjennomføre alle prosjekta med god nok framdrift. Teknisk sitt saks- og ansvarsområde blir stadig større med nye oppgåver samt fleire og strengare krav til oppfølging og utredningar. Det er mange omfattande enkeltsaker som tek mykje tid og er krevjande å følgje opp. Det er også ressurskrevjande å følgje opp alle sakene på ein god måte og innafor ei rimeleg sakshandsamingstid.

## 8 Fellestenester, administrasjon, landbruk og kultur

### 1 Om Sektoren

I denne sektoren ligg fellestenester for kommunedirektøren, kultur og landbruk.

Kulturavdelinga består av kulturkontoret, folkebiblioteket og frivilligsentralen

Ansvar 100 – kommunedirektøren består av administrativ leiing, økonomikontor, personal og organisasjon, tillitsvalde, folkehelsekoordinator, sekretariat for regionrådet og politisk leiing. I tillegg ligg overføring av tilskot til kyrkja, Fjaler næringsutvikling og kjøp av tenester knytt til ikt, juridisk bistand, revisjon og sekretariat tenester knytt til kontrollutvalet.

### 2 Økonomi

	2019	2020
Rekneskap	25 137	31 981
Budsjett	25 478	33 866
Avvik	-342	-1 885

Samla kom sektoren ut med eit mindreforbruk på kr 1,88 mill. Dersom ein samanliknar rekneskapstala for 2019 og 2020 vil ein sjå ein stor auke – dette skuldast i all hovudsak den store utbetalinga av tilskot og forskottering av moms og spelemidlar til kaldhall prosjektet til Dale IL. Lønsoppgjaret 2020 vart mykje mindre enn budsjett i 2020. Vi har gjennom året redusert avsetning til lønsauke og redusert posten for pensjonsutgifter. Elles har vi reduksjon i kursutgifter og reiser.

### 3 Arbeidsgjevar

#### 3.1 Årsverk

Kulturavdelinga består av 3 årsverk. Kulturleiar, bibliotekleiar og dagleg leiar frivilligsentralen.

Under ansvar 100 er der 11,33 årsverk fordelt på 13 tilsette. Det har ikkje vore utskifting av personell gjennom året. Historisk har det ikkje vore utfordringar knytt til rekruttering på denne eininga.

#### 3.2 Sjukefråver

Arbeidsstad	Totalt fråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Sum korttidsfråvær 0-16 dagar	Langtidsfråvær >16 dagar
Administrasjon	2,64 %	0,94 %	0,68 %	1,62 %	1,02 %

Sjukefråværet for ansvar 100 samla sett er 2,64 % for 2020. Dette er ein nedgang frå 2,71% for 2019, men framleis meir enn 2,0 % for 2018. Langtidsfråværet har gått ned med om lag 1 %, medan korttidsfråværet har gått opp med det tilsvarande.

### 3.3 Medarbeidarundersøking – 10 faktor

I siste halvdel av november 2020 tok vi i bruk medarbeidarundersøkinga 10-Faktor. Høg deltaking på begge avdelingane. Resultatet blir presentert og jobba med i 2021.

## 4. Tenestene

### Fellestenester

I 2020 har naturlegvis mykje av fokuset hos leiinga vore å handtere pandemien. Vi har vore heldige i Fjaler og unngått smitte, men vi har jobba mykje på systemnivå. Det har vore krevjande å setje seg inn i- og halde seg oppdatert på alt av informasjon og stadig nye veiledarar, vi må stadig legge om/ endre drifta etter nye nasjonale føringer. Dette har prega driftsåret, slik at ein del av dei planlagde aktivitetane har blitt utsett.

Elektronisk signatur frå Visma på arbeidsavtalar er innført og dette gir ei effektivisering framfor å signere frå Websak. Vi har også teke i bruk E-dialog, ei måte å tryggare handtere alle formar for personopplysningar ved dokument som skal sendast til kommunen blir sendt inn via sikker løysing.

Ny politikarportal og nytt system for folkevalde er implementert og skal gi ei meir effektiv saksbehandling ved utsending til politiske møte.

### Kultur

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet har vore fulgt opp med tiltak og spelemiddelsøknadar. Søkt om ca 3 mill i spelemidlar knytt til uteområdet på Dingemoen skule fordelt på 8 ulike søknadar.

Kommunedelplan kulturminne kom inn som ny plan for 2020. Denne har vorte fulgt opp og rullert.

Det var mykje færre arrangement å samarbeide om grunna covid 19 og Dalsfjordveka vart ikkje arrangert. Men det vart likevel viktig å ha fokus på det som kunne gjennomførast. TiTur Dalsfjorden var eit viktig tiltak i 2020. Ulike prosjekt som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, fritidsaktivitetar for utviklingshemma (noko begrensa) og lokal transportordning for ungdom vart fulgt opp. Biblioteket har sommarles og nokre arrangement utover faste opningstider. Oppfølging av Samvirket tar framleis tid sjølv om det no er prosjekteiar frå teknisk kontor knytt til bruksendring. Jakob Sande - senter for forteljekunst har blitt ein viktig kulturaktør både når det gjeld arrangering og prosjektutvikling. Kulturleiar sit i styringsgruppe for denne satsinga.

Sjå eiga årsmelding for Frivilligsentralen.

## 5 Kostra

### Adm, styring og fellesutgifter

	Fjaler 2019	Fjaler 2020	Askvoll	Kostragruppe 06	Vestland
<b>Prioritet</b>					
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	6 640	6 354	5 593	8 244	4 337
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	580	466	354	934	457
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	0	0	51	472	98
Forv. utgifter i ei endomsforsy. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	216	155	556	505	318
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	331	405	367	343	105
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)	1 236	942	701	894	365

I utgiftene til administrasjon ligg heile kommunen, dvs at administrasjonsutgiftene på Helse, oppvekst og Teknisk er inkludert i tabellen over. Fjaler kommune ligg høgt på utgifter både til administrasjon og politikk. Tala viser ein nedgang i utgifter til politisk leiing frå 2019 -2020 medan vi ser motsett utvikling på Administrasjon. Politikk låg spesielt høgt i 2019 grunna gjennomføring av kommunestyreval og byte av politisk leiing.

### Kultur og idrett

	Fjaler 2019	Fjaler 2020	Askvoll	Kostragruppe 06	Vestland
<b>Prioritet</b>					
Bibliotek nettdriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	313	295	357	418	285
Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg nettdriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	181	176	51	211	234
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	3 632	6 233	988	3 256	2 641
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)	3 632	6 233	988	3 396	2 668
Netto driftsutgifter, kultur, i prosent av totale netto driftsutgifter (B)	4,4 %	7,5 %	1,2 %	4,0 %	4,1 %
<b>Produktivitet</b>					
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker			17 953	22 447	21 964
<b>Dekningsgrad</b>					
Andel barn i gr skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	0,0 %	0,0 %	2,6 %	1,7 %	2,9 %
<b>Kvalitet</b>					
Besøk i folkebibliotek per innbygger	3,9	3,0	0,7	1,9	2,4
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>					
Besøk i folkebibliotek, totalt antall besøk	10 854	8 674	2 000	169 846	1 585 186
Bokutlån, totalt bokutlån fra folkebibliotek	5 192	4 533	4 396	170 394	1 103 563
Utlån alle fysiske medier fra folkebibliotek	6 428	5 390	4 734	195 684	1 270 637
<b>Andre nøkkeltall</b>					
Netto driftsutgifter (380) Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	508	508	152	18 709	149 194

Grunnen til høge tal i Fjaler på netto driftsutgifter kultur er som eg skriv i innleiinga at det er knytt store kostnadar til forskottering av spelemedialar og mva til kaldhall i Dale og til tilskot (samla 10 650 i 2020). Den var også høg i 2019. Det var då knytt til 2,5 mill i tilskot og forskottering av spelemedialar og mva knytt til Våge treningsenter. Desse store investeringane er ført på teneste 38530 (støtte til frivillige lag og organisasjonar). Det viser difor ikkje att i driftsutgifter til idrett per innbyggjarar.

Utlånstala på bibliotek går nedover. Dette er ein nasjonal trend. Vi trur likevel at bibliotek må tenke nytt både i forhold til ulike medier og korleis gjera tilbodet interessant.

## 6 Utfordringar framover

### Kommunedirektøren

Vi må framover jobbe meir med digitalisering og gjere tenestene til innbyggjarane våre meir tilgjengelege. Vi er no deltakarkommune i DigiVestland og vil vere med på fleire fellesprosjekt framover. Det har blitt jobba lite med utviklingsprosjekt siste året – vi håpar at vi i 2. halvdel av 2021 vil kunne rette nasa framover og at vi går meir normale tider i møte.

### PO

Endring av inngangspartiet i første etasje på Fjalerhuset er nødvendig då vi ikkje lengjer har ressursar til at skranken er bemanna anna enn ved at tilsette vert tilkalla ved hjelp av ringjeklokke. Vi ønskjer ikkje at det skal vere fri tilgang til lokala der personal og organisasjon-, samt økonomiavdelinga sit for å sikre personvernet for tilsette og innbyggjarar.

Avlevering av gamalt eigedomsarkiv vart starta med 10 hyllemeter på 2018-budsjettet. Dette vil framleis vere viktig å få avlevert og gjort elektronisk slik at ein lettare kan finne fram til den informasjonen ein treng i ulike saker. Per no er dette mykje arbeid, og med pensjonering i avdelinga misser vi viktig kompetanse for å leite fram slik informasjon.

Det er framleis jobba med innføring av nytt telefonsystem for at innbyggjarane lettare skal kome i kontakt med oss. Her har oppsettet i det ulike einingane vore kartlagt og er klare. Arbeidet ventar no på SYSIKT og rapportering av erfaringar frå andre som har innført systemet

### Kultur

Det er eit stort engasjement rundt kultur både når det gjeld idrett/anleggsutvikling, kulturminne og kulturhus. Godt samarbeid og god kommunikasjon er viktig for å få til ting. Ofte er det ein blanding av frivillig engasjement og offentleg støtte som gjer at ein får til prosjekt. Det er ei utfordring i å både ta vare på det lokale engasjementet og samtidig ikkje sette i gang for mange prosjekt. Prosjekt skal over i ein driftsfase og det er viktig at vi har dette med oss i planlegginga.

Jakob Sande – senter for forteljekunst er i etableringsfasen og jobbar godt med fleire ulike prosjekt. Det vert spennande å sjå korleis dei klarar å etablere seg.

Vi ser også fram til at det vert godkjend bruksendring på Samvirket og at dette kulturhuset kan gå inn i ei drifts-, og utviklingsfase.

